



# *Norddal kommune*

Årsmelding 2004



Bilete frå Sylte

# INNHALD

Rådmannen sine kommentarar	
1.0 Innleiing .....	3
2.0 Utvikling kommuneøkonomien o.a .....	3
3.0 Hovudutfordringar framover .....	4
Ressursbruk nokre tenesteområder .....	7
Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal	
1.0 Innleiing .....	12
2.0 Folketal .....	12
3.0 Arbeidsledige .....	13
4.0 Økonomiske nøkkeltal og analysar	
4.1 Driftsrekneskapen 2004 -hovudtal .....	14
4.2 Investeringar 2004 -hovudtal .....	16
4.3 Balanserekneskapen .....	17
4.4 Nøkkeltal .....	18
Sentralforvaltning og fellestenester .....	20
Valldal skule-sfo-voksenopplæring .....	23
Eidsdal skule .....	25
Tafjord skule-og barnehage .....	28
Dalsbygda skule-og barnehage .....	30
Syltebøen barnehage .....	33
Eidsdal barnehage .....	36
Musikkskulen, bibliotek og kultur .....	39
Helse og sosial, pleie og omsorg .....	41
Plan, bygg og oppmåling .....	47
Forvaltning, drift og vedlikehald .....	50
Næring .....	53

## RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

### 1.0 Innleiing

I tilknytning til rekneskapet vert det og lagt fram ei årsmelding frå administrasjonen. Formålet med ei årsmelding er fleire. Årsmelding er eit viktig dokument i kommunen sin informasjons- og rapporteringssystem knytt til:

- Måloppnåing i forhold til sentralt og lokalt vedtekne handlingsplanar
- Økonomiske nøkkeltal med informasjon om økonomiske situasjon i kommunen
- Ressursbruk og effektivitet - kostra
- Ta opp kjende utfordringar/signal om endringar , som grunnlag for handling slik at vi er betre budd til å møte framtida
- Rullering av handlingsprogram med økonomiplan

Årsmeldinga må difor brukast aktivt til å stille spørsmål om korrigeringsbehov i forhold til vedtekne planer og tenkte tanker. Det er naudsynt informasjon som det er viktig å gi kommunestyret, innbyggerane og andre innsikt i.

Årsmeldinga syner at aktiviteten er høg, og at det foregår et omfattande utviklings- og endringsarbeid i hele den kommunale organisasjonen. Det skjer takket være tilsette som står på og yter sitt beste.

### 2.0 Utvikling kommuneøkonomien o.a.

I økonomiplanen for 2004-2007 skreiv rådmannen m.a. ”*Norddal kommune kan ikkje forvente nokon auke i statlege overføringar i økonomiplanperioden, snarare tvert i mot. Realveksten i kommunen sine viktigaste inntekter er negativ. Dette betyr at overføringane ikkje er tilstrekkeleg til å dekke løns- og prisvekst noko som gjer at aktiviteten i kommunen må reduserast vesentleg*”

I dag må ein dessverre konstatere at dette blei rett. Som liten distriktskommune med stadig minkande folketal, blei reelle frie rammer i 2004 dramatisk mindre enn det som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2004 og som kommunen brukte som grunnlag for sin budsjettering. Ein ser vidare at aktivitetar styrt gjennom statlege pålegg og refusjonar aukar(døme: ressurskrevjande brukarar). Rekneskapen for 2004 blei gjort opp i balanse, men kommunen hadde eit negativt driftsresultat på om lag 300-tusen kroner. Viktigaste forklaring på dette er betydeleg svikt i inntekter frå frie midlar, skatt og rammetilskott, som og førte til at totale inntekter i 2004 blei om lag 1,5 mill kr mindre enn i 2004. Kommunestyret har vore informert om inntektssvikten og moglege konsekvensar allereie i 1. kvartal i 2004 i samband med økonomirapportering. Økonomisk balanse bør vise eit driftsresultat på ca 3%. Dersom netto driftsresultat er mindre enn ein 3% betyr dette at kommunen sine verdiar vert forringet. Grunnen til dette er at avdrag på lån ligg inne i kommunen sitt rekneskap, og ikkje avskrivningar som i private selskap. Dette igjen betyr at eit 3% netto driftsresultat tilvarar eit nullresultat i privat verksemd.

Økonomien har som nemnt vore vanskeleg også i 2004. Når vi likevel kjem i driftsmessig balanse så er det og forklart med god økonomistyring frå verksemdene. Totale meirforbruk i

forhold til budsjett frå drifta inklusiv utgifter til politisk styring var om lag 0,50 mill kroner eller 0,6 %. Med ei grov fordeling av meirforbruket finn ein at utgifter til politisk styring sto for om lag 0,34 mill kroner, dvs mesteparten av meirforbruket. Her må politikarane vere bevisste på kva for signaleffekt dette gir overfor innbyggjarane og tilsette. Vedlikehald av vegar og brøyting hadde og eit meirforbruk. Det er likevel fortsatt utfordringar når det gjelder å tilpasse budsjettrammene for ein skilde verksemdar innan skule og nokre tenesteområde innan fdv som t.d. vegvedlikehald/brøyting, vedlikehald av ein etter kvart omfattande eigedomsmasse.

Dei underliggjande utfordringa som rekneskapen viser er:

- i. Investeringane finansierast for det meste gjennom låneopptak, som igjen bind opp vesentlege økonomiske ressursar framover. Ein renteauke med t.d 0,5% vil føre til auke renteutgifter med om lag 0,5 mill kroner. Høg gjeldsgrad, fortsatt høg investeringstakt, reduserte inntekter som følgje av nedgang i befolkninga vil stille store krav til økonomisk styring, herunder prioritering, dei nærmaste åra
- ii. Frie reserver(disposisjonsfond) er i dag på berre kr 80 000

Kort oppsummert er rekneskapen for 2004 eit varsel til politisk overordna om måtehald i vidare planar. Dette inneber at våre driftsutgifter må tilpassast våre inntekter slik at vi og har ein eigenkapital til finansiering av naudsynte investeringar. Ein sunn og berekraftig økonomi og ein viss handlefridom er etter rådmannen si meining det viktigaste fundamentet for at kommunen skal kunne utvikle seg vidare og vere i forkant av dei utfordringar kommunen har framover. Ein anna viktig fundament og føresetnad for å lukkast er at vi har eit godt og kreativt arbeidsmiljø for dei tilsette. For å gjere ein god jobb må folk trives på jobb og vere stolt av arbeidsplassen. For å lukkast er det og avgjerande at det er konstruktiv samhandling mellom dei tilsette og folkevalde.

### **3.0 Hovudutfordringar framover**

#### **Moglege konsekvensar dersom endring i inntektssystemet**

Dagens kommunale inntektssystem, dvs. de statlege rammebetingelsene for kommunane saman med skatteinntekter, gir Norddal kommune eit driftsgrunnlag som i stor grad dekker kommunen sitt behov. I utgangspunktet er Norddal kommune ein dyr kommune å drive og det kommunale inntektssystemet synes ikkje å fange opp alle dei forholda som direkte bestemmer kostnadsnivået i kommunen. Det spesiell støtte til småkommunane ("basistillegg") gjer at tilskotet til dekning av kostnader er tilfredsstillande. Konsekvensen er likevel at Norddal kan bli sterkt berørt dersom inntektssystemet vert endra og vekten på småkommunane sine behov bli redusert. Basistillegget som er eit fast beløp pr kommune utgjer for Norddal kommune om lag kr 2 900 pr innbyggjar (landsgjennomsnitt kr 433) og tap i overføringar vil for Norddal utgjere om lag 5 mill kroner i 2005-kroner

#### **Tilpassing til endringar og kommunen meir som utviklingsaktør**

Norddal kommune er ikkje berre avhengig av statlege rammevilkår, men og av eigne val og økonomiforvaltning. Framover vil det for Norddal kommune sin del å identifisere kva for tilpassingar kommunen har, i forhold til eventuelle endringar i statlege rammevilkår eller for å unytte moglegheiter for lokal vekst i talet på arbeidsplassar, auke i innbyggjartalet m.v. Ved å utnytte t.d. lokale fortrinn kan ein skape nye arbeidsplassar helse, rekreasjon, reiseliv mv. Ved og å vidareutvikle samarbeidet med nabokommunar kan kommunen sjølv opparbeide seg eit økonomisk og strategisk handlingsrom og god føresetnad til å tilpasse seg dei endringar som skjer i omgivnaden. I ein slik planlegging må ein og ta omsyn til trendar og utviklingstrekk i samfunnet som ikkje berre er trussel, men opnar og for moglegheiter om ein handterer dette på ein rett måte.

Kommunen skal i si rolle som utviklingsaktør syte for at lokalsamfunna utviklar seg som attraktive stader for busetnad og næringsutøving. Etablerte busetnads- og næringsstruktur legg, saman med kommunen si prioritering, føring for kor attraktiv kommunen er for busetnad og næringsutøving. Døme på eigenskapar og vekstfaktorar ved eit lokalsamfunn(kommune) som fremjar utvikling:

- i. Nærver av privat entreprenørskap som kan realisere forretningsidear med "livets rett"
- ii. Nærver av næringsmessig utviklingsmiljø og arenaer for samhandling, utveksling av meiningar, meiningsbryting er ein viktig del av infrastrukturen. Næringshage er eit døme på dette.
- iii. Næringsmessig utviklingskompetanse i kommunen
- iv. Gjennomføringskraft(vilje til) i lokalsamfunnet som kan fjerne flaskehalsar som hindrar næringsutvikling
- v. Økonomiske og finansielle ressursar, private som offentlege

Den negative befolkningsutviklinga illustrerer behovet for å frigjere kommunale ressursar til utviklingsarbeid. Erfaring frå andre områder har vist at gode velferdstenester ikkje er tilstrekkeleg for å skape ei positiv utvikling. Politikarane i kommunen har her ei utfordring på korleis ein skal omprioritere ressursbruken; flytte midlar frå tenesteproduksjon til utviklingsoppgåver.

Kva for mål, strategiar og tiltak må til for at kommunen skal vere meir i forkant av utviklinga. I ein slik diskusjon må ein og ta omsyn til rådande utviklingstrekk og trendar i samfunnet. Døme på trendar/utviklingstrekk som kommunen må ta omsyn til:

- Fleire tek høgare utdanning. Ungdom vel nødvendigvis ikkje utdanning tilpassa sin heimstad, og det må kommunen ta omsyn til.
- Krav om å jobbe i utviklande miljø – det må leggest meir til rette for kunnskapsbaserte arbeidsplassar
- Nye generasjonar krev meir, det urbane liv tiltrekkjer fleire
- Færre rekrutterast til primærnæringane
- Auka krav til servicetilbod – ønskjer mangfald
- Kamp om den best kvalifiserte arbeidskrafta, størst problem for dei minste kommunane
- Økt krav til merkevarebygging – bygge positive image
- Brukarane ønskjer moglegheiter til å velje/skreddarsy/individuell tilpassa tilbod
- Vedvarande nedgang i folketalet og negativt fødselsoverskot
- Ungdommen og unge familiar flytter
- Den ikkje produktive del av befolkningen blir igjen – dyr drift
- Dialog med befolkningen over nett.

## **Kommunesamanslåing**

Kommunestyret har debattert kommunesamanslåing. Det er utarbeid eit eiga notat "Drøfting av framtidig kommunestruktur i Norddal kommune" med analyse og skissering av moglege strategiar for Norddal kommune. Uttale om struktur kan samanfattas slik: Norddal kommune er best tent med å fortsette som ein sjølvstendig kommune og heller legge vekt på samarbeid og utvikling av nye formar for samarbeid mellom kommunar i indre Storfjord. For kommunen er det viktigaste valet om ein vil satse offensivt på vekst og utvikling, ikkje om og i tilfelle med kven kommunen skal slå seg saman med. Norddal kommunestyre vil stille seg positiv til ei grensejustering mellom Stranda og Norddal dersom dette er folkeviljen i Stranda. Geografi og kommunikasjonsmønster talar for at bygdene Geiranger og Liabygda med fordel kan innlemmast i Norddal. Innbyggjarane i desse to bygdene handlar ein stor del av sine private- og offentlege tenester i Norddal og over tid er det utvikla sterke sosiale og kulturelle band

## RESSURSBRUK NOKRE TENESTEOMRÅDER


### 1.0 Innleiing

For å danne seg eit betre bilde av ressursbruk i kommunen og i forhold til andre kommunar har vi teke med eit lite utval tenestedata frå KOSTRA. Oversikten i etterfølgjande grafar gjer informasjon om ressursbruk ved tenesteproduksjon i kommunen dei tre siste åra. Datagrunnlaget bør brukast som grunnlag for diskusjon, styring og ressursfordeling mellom dei ulike tenesteområda. I oversikten er det også teke med de tilsvarande tall for kommunegruppe 6, i alt 51 små kommunar som Norddal tilhører. Dette er små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter. Norddal kommune er einaste kommune i fylket som er i denne gruppa. Døme på andre kommunar: Bygland, Valle, Hjelmeland, Jondal, Beiarn, Hattfjelldal, Bremanger, Skjerstad, Solund mv

Tala som er brukt er henta frå kommunen sitt rekneskap og rapportering er basert på felles standard for kommunane i Noreg.

### Kommnehelse

Kommnehelse:netto driftsutgifter pr. innbyggjar




Norddal kommune bruker meir pengar til kommunehelse i 2004 enn dei to føregåande år og har høgare driftsutgifter enn for kommunegruppe 6 og gjennomsnittet i fylket. Ein forklaring er høge utgifter for å sikre god legedekning.

Kommnehelse består av desse tenestene: førebyggjande arbeid helse og sosial, skole- og helsestasjonsteneste og diagnose behandling og rehabilitering.

### Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta: netto driftsutgifter pr. innbyggjar




Norddal kommune brukar i 2004 litt meir pengar til pleie- og omsorgstenesta, men utgiftene er nå lågare enn for kommunegruppe 6, men langt høgare enn fylkessnittet. Ein forklaring på den relativt høge utgiftene kan vere at Norddal kommune har fleire personar over 80 år i forhold til folketalet enn gjennomsnittet for gruppa.

Pleie- og omsorg består av tenestene: aktivisering eldre og funksjonshemmede, hjelp i institusjon og hjelp i heimen og butilbod institusjon.

## Barnevern

Barnevern: netto driftsutgifter pr. innbygger




Driftsutgifter til barnevern er noko høgare i 2004 enn i 2003, og lågare enn for kommunegruppe 6

Barnevernstenesta består av: barnevernsteneste, barneverntiltak i familien, barneverntiltak utanfor familien.

## Grunnskule

Grunnskule: netto driftsutg. grunnskuleopplæring, pr innbygger 6-15 år




Driftsutgifter til grunnskulen er lågare i 2004 enn i 2002 men fortsatt høgare enn for kommunegruppe 6. Ein forklaring er at elevtalet i 2004 har vore mindre enn i 2003.

Grunnskule består av: grunnskule, vaksenopplæring, spesialskuler, skulefritidstilbod, skulelokalar og skyss og musikk- og kulturskule

## Barnehage

Barnehage: netto driftsutgifter pr innbygger 1-5 år




Driftsutgifter til barnehagen er høgare i 2004 enn i 2003 og høgare enn for kommunegruppe 6. Ein mogleg forklaring på auken kan vere ein kombinasjon høgare utgifter, mindre statstilskott, lav kapasitetsutnytting samstundes som at talet på barn er redusert frå 2003 til 2004. Kommunen ligg godt over snittet for fylket, som er kr 6 944.

Barnehage består av: Førskule, styrka tilbod til førskulebarn, lokalar til førskule og skyss



## Kultur

Kultur: netto driftsutgifter pr. innbygger




Norddal kommune sin driftsutgifter til kultur er noko høgare i 2004 enn i 2003, men lågare enn for kommunegruppe 6

Kultur består av: Bibliotek, kino, muséer, kunstformidling, idrett og andre kulturaktivitetar.

## Samferdsel

Samferdsel: netto driftsutgifter pr. innbygg.kommunale vegar mv




Driftsutgifter pr innbygger er langt høgare i 2004 enn i 2003, og høgare enn for kommunegruppe 6.

Samferdsel består av: drift, vedlikehald komm.vegar, miljø. og trafikksikkerhetstiltak av kommunale vegar, samferdselsbedrifter og transporttiltak

## Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø




Driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø er langt høgare i 2004 enn i 2003 og høgare enn for kommunegruppe 6. Det er og ein indikasjon på at aktiviteten i 2004 har vore høg.

Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø består av: fysisk tilrettelegging og planlegging, rekreasjon i tettstad, naturforvaltning og friluftsliv og kulturminnevern

## Brann- kontrollorgan og ulykkesvern

Brann-kontrollorgan og ulykkesvern




Driftsutgifter til brann og ulykkesvern er litt lågare i 2004 enn i 2003 og høgare for kommunegruppe 6. Geografiske forhold bidrar til høgare driftsutgifter. Norddal kommune har t.d. 2 brannvern, ein på kvar sida av fjorden

Brann og ulykkesvern består av: Førebygging og beredskap mot branner og andre ulykker

## Politisk styring

Brutto driftsutgifter til politisk styring, kontrollorganer




Norddal kommune sine utgifter til politisk styring og kontroll er høgare i 2004 enn i 2003 og er og høgare enn for kommunegruppe 6. Utgifter til pol. styring veks meir i Norddal kommune enn for kommunegruppa. Utgiftene til drift av k.styret, f..skap og driftsutvalet auka med over 12% frå 2003 til 2004

Politisk styring, kontrollorgan er: godtgjersle til folkevalde og revisjon inkl utgifter til møter, synfaring, partistøtte mv.

## Administrasjon

Brutto driftsutgifter til adm., stab, fellesfunksjoner/utgifter



Norddal kommune sine utgifter til administrasjon er lågare i 2004 enn i 2003 og er og lågare enn for kommunegruppe 6 og nesten på nivå som fylkesgjennomsnittet. Utgifter til administrasjon omfattar og støtte- og faglege og merkantile støtte/stabsfunksjonar, felles ikt-drift. Utgifter til fagsystem; som t.d. sosial, reguleringsplan, pleie-og omsorg blir i dag belasta adm.utgifter, men skal belastes dei funksjonane som systemet betener

## Oppsummering

Ovannemnde samanlikningar gjer informasjon og mogleg pekepinn på områder, der det er mogleg å justere kursen/ressursinnsatsen. Analysen av nøkkeltal syner m.a. til dels store avvik i ressursbruk(prioriteringar) i forhold til vår kommunegruppe. Dette bør danne grunnlag for nærare drøfting i kommunestyret om dagens tenestestruktur og ressursbruk er mest mogleg kostnadseffektiv i forhold til reelt behov, behovsendring som følgje av befolkningsnedgang og endring av samansetning? Sjå vedlegg 1 med informasjon om folkemengde og samansetning (behovsprofil). Sjølv om ein reknar med at alle kommunar fører sine rekneskap "likt" når det gjelder bruk av så vel funksjonar som arter, vil det ligge ulike vurderingar til grunn. Det kan føre til noko forskjellar mellom kommunane. Dette gjelder særleg bruk av funksjonar, som er det systemet som viser kva for tenester og tiltak kommunen sine økonomiske ressursar blir bruk til.

I samband med bruk av KOSTRA-data har det over tid vore arbeid med å finne andre kriterier for måling som er relevante for å kunne vurdere om ressursane blir brukt forsvarleg og om tenestene blir utført med en akseptabel kvalitativt. Eit enkelt nøkkeltal (døme:produktivitet) er som regel forholdsvis lite interessant KS (Kommunenes Sentralforbund) har etablert et prosjekt i samarbeid med KRD (Kommunal- og Regionaldepartementet) for å utvikle et system og styringsinformasjon som ivaretek fleire omsyn enn de rent økonomiske når ein skal evaluere det kommunale tenestetilbodet. Norddal kommune har saman med fleire kommunar delteke i desse effektiviseringsnettverka. Gjennom nettverket er det gjennomført registreringar av kvalitet, både objektiv kvalitet (faktiske resultat) og opplevd kvalitet (brukarundersøkingar). Slike vurderingar vil gi betre tilfang av styringsdata og vil ofte kunne avsløre viktige problemstillingar, som t.d. kvalitet i forhold til ressursbruk, fordeling av ressursar på rette aldersgrupper/målgrupper m.v. Erfaringane i forsøket har vore gode og Norddal kommune er nå med i prosjektet vidare, men i gruppe med kommunar som geografisk ligg nærmare vår kommune.

# BEFOLKNING, ØKONOMISKE HOVUDTREKK OG NØKKELTAL

## 1.0 Innleiing

Dei indikatorane som inngår i denne delen gir informasjon om utviklingstrekk i økonomien. Totale driftsinntekter er ofte brukt som referansestorleik. Ved å nytte totale driftsinntekter, vert også samanlikning over fleire år meiningsfylt, samt at det og seier noko om kva for finansielle ramme kommunen arbeide innanfor. Kommunen sin produktivitet eller effektivitet er på fleire område blitt lettare å måle, men klarer ein å frigjere kapital gjennom auka produktivitet gir dette grunnlag for forbetring av den finansielle situasjonen. Likevel, ei betring av produktiviteten vil sjeldan åleine vere løysinga på eventuelle finansielle problem dersom aktiviteten går over den finansielle/tildelte ramma. I etterfølgjande gjøres det greie for samanheng mellom utgifter og inntekter og årsak til kvifor det i dag er ubalanse i økonomien.

## 2.0 Folketal

Folketalsutvikling og samansetjing av befolkning vil vere ein kritisk faktor for kommunen si utvikling og økonomi. Folketalsutviklinga i perioden 1970 - 2004 går fram av fig. 1. Etterfølgjande tabell

Fig 1 Folketalsutvikling 1970 -2004





Fig 2 Nærare forklaring folketalutvikling



Folketalet har gått jamt tilbake sidan 1996(sjå raud graf), med høg nettoutflytting (gul graf) som viktigaste forklaring. Også fødselsoverskotet syner negativ utvikling. Vinnarane i ”indre region” er kommunane Ørskog og Stordal med samla auke i folketalet på 69 innbyggjarar. Tilrettelegging for auke i folketal skjer først og fremst gjennom utvikling av arbeidsplassar, men forutsetter også tilgang på bustader.

Tab 1 Folketalsutvikling fordelt på alder


0 åringar	I perioden 1999-2004 er det registrert nedgang i alle aldersgrupper med eit visst unntak for aldersgruppen 1-5 år og 80+.					
1-5 år	Det er og urovekkande at talet på gruppa ”0-åringar”/fødsler går betraktelig ned.					
6-15 år	Dersom trenden fortsetter vil det vere viktig styringssignal for planlegging og prioritering av tenestetilbod					
16-18 år	169	176	173	175	175	169
19-24 år						
25-66 år						
67-79 år						
80 år +						

Utifrå dagens situasjon er det indikasjonar som tyder på ytterlegare nedgang i folketalet(SSB). I følgje SSB vil innbyggjartalet vere 1 749 i 2015 og 1 720 i 2020. Reduksjon i folketalet fører til reduksjon i utgiftsbehovet og reduserte overføring frå staten. Dei demografiske endringane vil vere viktig ”input” for kommunestyret sitt arbeid med budsjettet, herunder korleis prioritere(omprioritere) bruken av nettobudsjettet.

Den negative befolkningsutviklinga illustrerer behovet for å frigjere kommunale ressursar til utviklingsarbeid. Erfaring frå andre områder har vist at gode velferdstenester ikkje er tilstrekkeleg for å skape ei positiv utvikling. Politikarane i kommunen har her ei utfordring på korleis ein skal omprioritere ressursbruken, frå tenesteproduksjon til utviklingsoppgåver (flytte på midlar).

### 3.0 Arbeidsledige

Oversikten gjer informasjon om arbeidsledige i kommunen pr 31.12



Talet på arbeidsleige har vore lavt i tidlegare år men viser nå at vi har hatt ei auke det siste år, særleg i aldersgruppa 16-24 år. Ein forklaring er nedlegging av industriarbeidsplassar i kommunen og lågare tilvekst i nye arbeidsplassar. Kommunen hadde ei underdekning på eigne arbeidsplassar på om lag 81 i 2003, sjå notat ”Drøfting av framtidig kommunestruktur”.

## 4.0 Økonomiske nøkkeltal og analyser

I denne delen av årsmeldinga gis en kortfatta presentasjon av kommunen sin økonomiske nøkkeltal for 2004 og ein analyse av vår finansielle stilling ved årsskiftet. Ein har lagt vekt på å framstille denne delen så enkelt og lettfatteleg som mogleg, og berre konsentrert seg om nokre sentrale omgrep.


### 4.1 Driftsrekneskap 2004 – hovudtal

1000 kr	Rekneskap 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003
Rammetilskot	-27925	-27426	-31766
Rammetilskot forsøksordning	0	0	-6179
Skatt på inntekt, formue, eigedomsskatt	-44664	-45427	-48347
Overføringar med krav til motytelse	-17027	-13418	
Øvrige driftsinntekter	- 27801	-25692	-32683
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-117417</b>	<b>-111963</b>	<b>-118975</b>
Lønnsutgifter inkl sos. utgifter	85124	84566	82880
Kjøp av varer og tenester	25875	22531	24312
Overføringar	7603	4786	5842
Avskrivningar	5373	5371	5275
Fordelte utgifter	-4795	-4730	-4686
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>119247</b>	<b>112523</b>	<b>113623</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1830</b>	<b>559</b>	<b>-5354</b>
Sum Eksterne finansinntekter	-5116	-4688	-4502
Sum Eksterne finansutgifter	8977	8742	14036
Resultat finanstransaksjonar	3860	4054	9534
Motpost avskrivningar	-5373	-5392	-5275
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>318</b>	<b>-778</b>	<b>-1094</b>
Sum bruk av avsetningar	-3002	-2593	-4219
Sum avsetningar	2667	3372	5281
<b>Resultat til disposisjon</b>	<b>-16</b>	<b>0</b>	<b>-32</b>

#### Kommentarar:

Rekneskapet for 2004 viser eit negativt driftsresultat på 318-tusen kroner. I forhold til resultatkrav er dette altfor lågt og kommunen har nå eit problem i forhold til ein berekraftig økonomisk utvikling. Meirforbruk på løn utgjør 0,6% og viktigaste forklaring er at lønsoppgjeret blei noko høgare enn budsjettert. Posten overføringar omfattar m.a. mva-kompensasjon. Frå 2004 gjaldt nye reglar for momskompensasjon. Retningslinjer for praktisering av desse reglane blei først klarlagt et stykke ut i 2004. Postane for moms og refusjon av moms blei difor ikkje budsjettert i 2004, men det blei gjennomført forholdsmessig reduksjon i momsrelaterte utgiftspostar ute på verksemdene. Resultatmessig hadde det ingen betydning fordi desse postane er "0-sumpostar"(utgift er lik inntekt). Dette blei k-styret informert om i samband med økonomirapportering 1. kvartal 2004.

#### 4.1.1 Netto driftsutgifter i kr. pr innbygger



Netto driftsutgifter er brutto driftsutgifter minus øymerka tilskot og andre inntekter. Netto driftsutgifter blir dekkja av frie inntekter. Både Norddal Kommune og k.gruppa har hatt nedgang i netto driftsutgifter, m.a. som følgje auka inntekter frå øymerka tilskot .

#### 4.1.2 Utvikling frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, formues- og inntektsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og inntekter frå konsesjonskraft.


	2000	2001	2002	2003	2004
Sum rammetilskot (ordinært)	27 025	27 140	28 610	31 765	27 925
Skatt på formue og inntekt	30 523	32 899	35 310	36 630	36 307
Eigedomsskatt	12 141	9 386	8 926	9 431	8 357
Konsesjonskraft	762	2 070	3 712	7 320	8 333
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>70 451</b>	<b>71 795</b>	<b>76 558</b>	<b>85 146</b>	<b>80 922</b>
Endring i %	1,8%	1,9%	6,6%	11,2%	- 4,9%

Kommunen sine frie driftsinntekter blei i 2004 om lag 4,2 mill kroner mindre enn i 2003. I prosent utgjorde nedgangen 4,9%. Nedgangen er dramatisk. I same periode har rentenivået vore lågare enn forutsatt i budsjettet, og denne innsparinga har oppveidd noko av inntektstapet

Verdien av konsesjonskrafta for kommunen har hatt ei kraftig auke frå år 2000 og fram til i dag som følgje av auka kraftpris. Inntekter frå konsesjonskraft varierer kraftig og er ein inntektspost som er vanskeleg å budsjettere. Ideelt sett burde vi ha avsett t.d. 2 – 3 mill av desse inntektene til fond/investeringar, men alt av inntekter har gått med til å finansiere drifta.

### 4.1.3 Utvikling finanspostar, rente- og avdragsutgifter

Rente- og avdragsutgifter netto, i % av brutto driftsinntekter



Kommentarar: Netto finansutgifter er vesentleg lågare enn i 2003. Dette skuldast lågare renter enn fastsett i budsjettet, utsetting av låneopptak og auka utbytte frå TK. Netto rente- og avdragsutgifter er i 2004 mindre enn for k.gruppa

### 4.1.4 Utgifter til løn

Utvikling av kommunen utgifter til løn og sosiale utgifter i forhold til samla utgifter framgår av etterfølgjande oversyn. Samla utgifter til løn og sosiale utgifter i 2003 blei i overkant av 82,8 mill kroner mot i overkant 82,4 mill kroner i revidert budsjett. Viktig avvik skuldast for stor del meirutgifter samt auka utgifter til pensjon. Samla sett har det vore god kontroll på kommune sine utgifter til løn.

1000 kr	2001	2002	2003	2004
Løn og sosiale utgifter	73 578	78 845	82 880	85 124
Brutto driftsutgifter	102 696	107 899	113 498	119 247
%-vis utgifter til løn	71,6%	73,1%	73,0%	71,4%

Lønsutgifter sine relative del av brutto driftsutgifter er redusert de 3 siste åra, sjølv om det har vore kraftig auke i pensjonsutgifter. Ein forklaring på dette er at utgifter til løn er redusert som følgje av nedbemanning som har skjedd i seinare år. Slikt sett er det frigjort midlar til dekning av auken i utgifter og reduksjon i frie inntekter.

## 4.2 Investeringar 2004 – samandrag

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2004	Budsjett 2004	Rekneskap2003
Sum inntekter	- 5009	-930	- 3709
Sum investeringar	14392	24737	21593
Avdragsutgifter	0	0	141
Utlån	0	0	600
Avs. til ubundne investeringsfond	75	75	1415
Avs. til bundne fond	0	0	1800
Avs. til likviditetsreserven	0	0	0



Sum Finanstransaksjonar	472	115	3955
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>9853</b>	<b>23922</b>	<b>21839</b>
Dekket slik:			
Bruk av lån	6378	21422	-20909
Mottatte avdrag på utlån	252	75	-793
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Bruk Av tidl. års udisponert	0	0	0
Overført frå driftsregnskapet	75	75	-59
Bruk av disposisjonsfond	40	40	0
Bruk av ubundne investeringsfond	2588	2310	-40
Bruk av bundne fond	314	0	-39
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0
Udekket/udisponert	- 206		
<b>Sum finansiering</b>	<b>9 647</b>	<b>23922</b>	<b>21839</b>


#### Kommentarar:

Kommunen sine investeringar har vore av stor omfang de seinare år. Det meste av investeringane i seinare år har vore finansiert gjennom låneopptak. 2004 var eit unntak då om lag 45% av investeringa blei finansiert gjennom låneopptak, mot 97,1% i 2003. Elles må det bemerkes at fleire investeringsprosjekt går over fleire år, og ein kan difor ikkje automatisk samanlikne budsjett og rekneskap for 2004 isolert sett.

### 4.3 Balanserekneskap

#### 4.3.1 Langsiktig gjeld

I langsiktig gjeld inngår pensjonsforpliktelsar frå og med rekneskapsåret 2002. Langsiktig gjeld fordeler seg slik



Den forholdsmessige store veksten i langsiktig lånegjeld er og forklart med at brutto driftsinntekter i 2004 blei mindre enn i 2003. Kommunen må framover i tid være meir varsam med låneopptak. Lånegjeda er i dag på 99,5 mill kr mot 97,8 mill kr i 2003

#### 4.3.2 Likviditetsreserve

Kommunen sin reelle likviditetsreserve gjer god informasjon om kommunen sin finansielle stilling. Reserven skal vere tilstrekkeleg til at kommunen har midlar til dekning av utbetalingar

1000 kr	2000	2001	2002	2003	2004
Kassa/bank/fordringar(oml.midl.)	36 816	38 247	35 649	34 092	38 275
- fond (inkl likv.reserven)	8 938	7 824	5 870	8 899	5 626
- kortsiktig gjeld	18 365	22 233	22 343	21 995	29 232
- ubrukte lånemidler	9 757	7 924	6 689	1 215	1 625
-/+ Ikkje disponert netto dr.resultat	-	+ 1 672	+ 1 184	48	65
+ udekka i investeringsrekneskapen					206
Reell likviditetsreserve	- 244	1 938	1 931	1 935	1 586

Kommentarar: Reservekapital etter at alle fond er brukt er pr 31.12.04 på om lag 1,5 mill kroner. Likviditetsreserven bør tilsvare utbetaling av ein månadsløn inkl sosiale utgifter, rekna til om lag 7 mill kroner. Kommunen vil vere sårbar ved auka utgifter i t.d. ved ev renteoppgang, ressurskrevjande brukarar som kommunen må gje eit tilbod til, vekst i løner og pensjonar mv

#### 4.4 Nøkkeltal

##### 4.4.1 Brutto resultatgrad

Brutto resultatgrad viser kor stor del av driftsinntektene som kan nyttast til å dekke netto renter og avdrag samt avsetningar og finansiering av

	2000	2001	2002	2003	2004
Brutto resultatgrad	2,2%	4,5%	0,2%	4,5%	-1,6

Vesentleg svikt i frie inntekter har ført til negativt brutto driftsresultat i 2004.

##### 4.4.2 Netto resultatgrad

Netto resultatgrad viser kor stor del av driftsinntektene som kan nyttast til avsetningar og finansiering av investeringar. Netto resultatgrad bør være *minst 3%*.

	2000	2001	2002	2003	2004
Netto resultatgrad	0,2%	- 2,5%	- 1,2%	0,9%	-0,3

Kommentarar: Netto resultatgrad var i 2004 på -0,3%. Gjennomsnittleg resultatgrad var på 2,6 % i kommunegruppa (51 kommunar) som kommunen tilhører, mens tilsvarende tal for Møre- og Romsdal 2,2%. Vi ser at kommunen sin resultatgrad har variert ein del de siste årene. Norddal kommune sine evner til eigenfinansiering av investeringar er nærmast lik 0. Sentrale myndigheiter legger til grunn at kommunenes resultatgrad ikkje bør være under 3%.

##### 4.4.3 Kapitalutgiftsgrad

Kapitalutgiftsgrad bør ikkje overstige 7 % og viser kor stor del av brutto driftsresultat som blir «spist» av rente- og avdragsutgifter og dermed kor mye som er igjen til avsetningar og investeringar.

	2000	2001	2002	2003	2004
Samla driftsinntekter	97 490	98 860	107 937	118 976	117 416

Netto kapitalutgifter	1 699	2 788	5 386	9 534	3 870
Kapitalutgiftsgrad	1,7%	2,8%	4,9%	8,0 %	3,3 %

Kommentarar: Kapitalutgiftsgraden syner ein vesentleg reduksjon frå 2003 til 2004. Viktige forklaringar til dette resultatet er lågare rentesats, mindre innlån og auka utbytte frå tk

#### 4.4.4 Sjukefråvær

	2001	2002	2003	2004
Samla sjukefråvær	6,0%	8,1%	7,6%	7,0 %

Samla sjukefråvær er redusert frå 7,6 % i 2003 til 7,0% i 2004. Gjennomsnittet for kommunane var på 7,9 prosent i 2004. Det er mange faktorar som påverkar sjukefråværet. Verksemda sitt arbeidsmiljø har mykje å si for helse og trivsel. Dette er delvis ein leiaroppgåve, men like viktig og er korleis kolleger behandlar kvarandre. Andre faktor som og påverkar sjukefråværet er det fysiske arbeidsmiljøet og om arbeidsplassen er godt nok tilrettelagt med utstyr og hjelpemidlar.

## SENTRALFORVALTNING OG FELLESTENESTER

### 1 Organisasjon, bemanning

Ei kort framstilling av arbeidsområda i sentraladministrasjonen og stab, talet på tilsette og årsverk. Endringane skriv seg frå at det utover hausten 2000 vart gjort ei omorganisering av administrasjonen kor sektorkontora vart tekne bort, attverande fagstillingar samla i ein stab og dei merkantile stillingane samla i eit Servicetorg. Tabellen nedanfor gir berre eit utsnitt av den samla situasjonen.

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004	Kommentarar
Rådmannskontoret	3,0	3,0	3,0	3,0	2,0 årsverk i delar av året. Eit årsverk midlertidig disponert av pleie- og omsrog
Servicetorg	6,0	6,0	6,0	6,0	
Stab	3,0	2,0	2,0	2,0	
Kommunekasse	2,0	2,0	2,0	2,0	
Rådhuset	0,75	0,74	0,74	0,74	

Sentraladministrasjonen er den høgste administrative leiing i kommunen, m.a. med sekretariatsansvaret for kommunestyret, formannskap, driftsutval, amu og oppnemnde nemnder og utval knytt til utgreiingar .

### 2.0 Driftsrekneskap

1000 kr	Tekst	R-2004	B-2004	Avvik i kr (+ = meirforbruk)	Kommentarar
1100	K-styre, f.skap,driftsutval	1536	1193	343	
1102-1104	Partistøtte, bygdeutval	17	28	-11	
1105	Distriktsrevisjon, Netto utgifter	326	345	-19	
1120-1124	Forliksråd, overform., rasj.kontor, eldreråd, ungdomsråd	23	45	-22	
1200	Rådmannskontoret	1 585	1 624	-39	
1201	Kommunekassa	1 087	1 105	-18	
1202	Servicetorg,	1 155	1 034	121	Feilbudsjettert løn
1203	Stabsfunksjon	205	212	-7	
1204	Datadrift,	1 524	1 479	45	
1900	Fellesutgifter	1125	952	173	Meirutg , porto, telefon og for lite budsjettert abonnement
1902	Administrasjonsbygg	929	994	-65	
	Forsikringar, fellesutgifter	63	0		

### 3 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

I løpet av 2004 er desse tiltak/prosjekt igangsett under leiing av sentraladministrasjonen med støtte frå stab. Nokre av desse er avslutta og andre vert vidareført i år 2004. I tillegg kjem daglege/fortløpande drifts- og sakshandsamingsoppgåver for dei politiske utvala.

## Nokre oppgåver i regi av stab, administrasjonen:

Tiltak	Status ved utgangen av året
Oppstart kommuneplan; strategidel. 2 samlingar med k.tyret	Prosess som vidareførast i 2005, også leiarutvikling mv
Økonomifunksjonar: I 2003 ble det inngått avtale om interkommunalt samarbeid innan økonomifunksjonar. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Vestnes	Det har vore nedlagt omfattande arbeid knytt til innføring, opplæring i nytt økonomi, løns- og faktureringsystem
Framtidig helsehus. Diverse analyser/utgreiingar, herunder utarbeiding av prosjektplan vidare utgreiing	Vidareført arbeid med eiga styringsgruppe med deltaking frå sentraladministrasjonen
Arbeidet med gjennomgang av drifta innan pleie- og omsorg, m.a. med henblikk på å finne samsvar mellom ressursbruk og kvalitet plo, helse	Rapport blei framlagt driftsutvalet i 2004
HMS. Vernerundar på alle verksemdene med unntak av FDV som var midt i flytteprosess. Utarbeidd handlingsplanar. Utarbeid avvikskort som skal gjere registrering enklare. Arbeidet framover er å få det til å bli ein del av det daglege arbeidet. Laga nye prosedyrer for val av verneombod, og gjennomført val.  Beredskap. Laga ny informasjonsplan, og gjennomført kriseøving med Stranda kommune.  Felles prosjekt med Stranda om arbeid med fjellskred  Informasjon. Utarbeidd informasjonsstrategi.  Første informasjonsskriv til alle husstandar går ut før jul. Utarbeider internavis minst fire gongar i året.  Arbeider med nye nettsider	
Forprosjektarbeid knytt til etablering av breibandsnett i Norddal kommune.	Handsama i k-styret i 2004

## Servicetorget

Det er ikkje gjort endringar i talet på tilsette i servicetorget i 2004. Mette Jane Holand slutta i leiarfunksjon for servicetorget 01.03.04. Magnhild Grønningsæter vart mellombels tilsett i stillinga og seinare fast tilsett frå 01.01.05.

Arbeidsoppgåvene er omfattande og tverrfaglege. Servicetorget skal framstå som ein møtestad mellom innbyggjarane og kommunen. Internt arbeider vi for å skape dialog og felles forståing kring oppgåveløysing og rutiner i heile organisasjonen. Daglege arbeidsoppgåver tek mesteparten av tidsbruken til dei tilsette, likevel er det i 2004 blitt gjennomført fleire utviklings- og prosjektoppgåver.

- Etterarbeid i samband med kommunevalet 2003. Ny nemndstruktur og nye medlemmer i styrer og råd krev oppfølging frå sekretariatet.
- Eldste arkivmateriale er levert til depot i Ålesund, oversikt over kva som er levert ligg på IKA sine heimesider: [lkamr@no](mailto:lkamr@no) . Arbeid med systematisering av eldre arkivmateriale har starta opp, og vil også komande år krevje ekstra ressursar.

- Innføring av nytt økonomisystem frå 01.01.04 har krevd mykje ressursar i servicetorget. Nye rutiner med skanning av faktura har gjort at meir arbeid er overført frå verksemdene til servicetorget.
- Oppdatering/oppfølging av vedtak innan heimetenesta og heimebesøk brukarar
- Planarbeid
- Integrering av tenester for Indre Sunnmøre Likningskontor
- Oppfølging verksemdene i sakssystem og fakturaskanning

For å styrke service- og informasjonstenesta vart det sendt ut invitasjon til alle verksemdar om å kome med tilbakemelding på korleis vi kan betre informasjonsflyt og styrke publikumstenestene. Diverre var det liten respons på tiltaket. Likevel har vi besøkt dei fleste ytre einingane, og sakshandsamarar har blitt invitert til våre arbeidsmøter. Tanken bak desse tiltaka er at vi kan avklare problemstillingar, betre tenestene og arbeide mot felles måloppnåing.

Tilsette i servicetorget opptre både som generalistar og fagpersonar. Dei tilsette roterer i turnus i kundemottak/sentralbord, i tillegg til at dei representerar fagområde innan sine spesialfelt. Mykje kunnskap er samla her, og det er etablert eit godt miljø internt med ein åpen dialog. Det har vore jobba hardt for å skape eit velfungerande team. Alle er sitt ansvar bevisst, sjukefråveret er lågt.

Det er no oppretta interkommunale nettverk for servicetorgtilsette og for leiarar av servicetorg i Møre og Romsdal. Av praktiske årsaker har ein valt å dele dette i to grupper; kommunane på Sunnmøre i ei gruppe og kommunane i Romsdal og på Nordmøre i ei anna gruppe. Dette er eit interessant prosjekt som skal bidra til informasjons- og erfaringsutveksling, samstundes som det skal gi nye input av kompetanse.

Servicetorget i Norddal kommune er eit knutepunkt for all informasjonshandtering, og det er viktig at alle spelar på lag for at vi kan styrke servicetenesta og oppnå vekst og utvikling.

## VALLDAL SKULE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

Teneste: Valldal skule er ein 1 – 10 skule fordelt på 9 klasser.

Skulen har SFO-avdeling. Våren –04 var det omlag 20 elevar fast, og på hausten var talet 29 elevar. Åpningstida er 0730 – 1630. SFO er ope 38 veker i året, dette fell saman med skuleåret.

Vaksenopplæringa i kommuna er lagt til Valldal skule. Det gjeld voksne funksjonshemma og innvandrarar. Vi har også undervisning av elev der fylket kjøere teneste av oss.

Når det gjeld innvandrarar så må ein skille mellom personar som kjem frå EU-land og andre. Personar frå EU-landa har rett på norskopplæring, men det vert ikkje gitt eksterne midlar til desse. Det vart siste året undervist på to nivå. Nybegynnarar og vidarekomande.

Personalet: Ved utgangen av året hadde vi totalt 22,9 årsverk. Dette er ein liten auke frå året før og skuldast av Fjørå skule vart overført til Valldal skule. I den overføringa var det også med ein elev med stort hjelpebehov. Frå aug. –04 vart det difor eit auka ressursbehov ved Valldal skule.

Stillingane ved skulen er delt å både undervisning (19,83 årsv.), SFO (0,73 årsv.) og reinhald (2,37 årsv.) Utviklinga syner at skulen har skore kraftig ned på bemanninga, og eg synest no at det ikkje er meir å gå på utan at det går ut over kvaliteten.

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Valldal skule/SFO/vaksenoppl./reinhald	24,1	23,30	22,4	22,9

### 2.0 Driftsrekneskap

Grunnskule, sfo, vaksenopplæring

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Valldal skule	11 318 424	10 728 000	590 424	5,50%
Netto Valldal sfo	149 582	194 700	- 45 118	-76,83
Netto Vaksenopplæring	- 83 336	81 000	- 164 336	- 102,88

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Avvik: På skuledelen hadde vi eit avvik på 5,5% Dette er mykje. Hovudårsaka ligg i at Fjørå skule vart overført til Valldal skule. Derifrå fekk vi elev med stort hjelpebehov samt mange lærarar med høg kompetanse/ansienitet som gjorde at utgiftene vart store. Vi investerte også i datakommunikasjon slik at dei gode erfaringane frå Fjørå skule raskt skulle verte teke i bruk

ved Valldal skule. Dette etter ynskje som kom fram i vedtaket då Fjørå skule vart lagt ned. Vi har fortsatt lærarar som har redusert leseplikt – seniorpolitiske tiltak. Dette utgjorde om lag 0,6 årsverk (tilsvande ca. 300.000 kr) ved skulen.

På den positive sida har vi lukkast med å redusere straumutgiftene. Det nye anlegget fører til betydeleg straumsparing, og det er fortsatt meir å hente på den eldste delen av bygningsmassa. På SFO og i voksenopplæringa har vi gått med overskot slik at den samla overskridinga ved skulen kom ned i 3,5% (381.000 kr)

Prosjekt: Skulen har ein leiarstruktur med rektor og 3 stegleiarar. Dette var eit 3-årig prosjekt og skulle vere avslutta våren –04. Vi har valgt å halde fram med denne leiarstrukturen enno eit år då dei tilsette synest godt nøgde med den og fordi det ikkje skulle verte for mange endringar samstundes som Fjørå skule vart overført.

Valldal skule er også med i eit samarbeidsprosjekt saman med den regionale PP-tenesta (RPPT). Dette er eit prosjekt som vi ventar oss mykje av og som vil vere med å legge grunnlaget for den framtidige skulen.

Sjukefråværet: Sjukefråværet 2004 var 5,7% på skuledelen, 11,5% på SFO og 11,4% i vaksenopplæringa. Dette er om lag ei dobling i høve året før.

Personalsituasjonen: Skulen har no berre utdanna lærarar etter overføring av personalet ved Fjørå skule. I løpet av dei 2-3 komande åra vil fleire av dei tilsette gå over i pensjon. Dette vil kunne gjere at skulen vil mangle lærardekning i enkelte fag.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Hovudutfordringane som vart omtala i forrige årsmelding er vi allereie i gang med. Innan data og IT er det allereie i gang eit større tiltak. I SFO er det no ein auke i elevtalet som fører til større inntening.

Når det gjeld det bygningsmessige så har ungd.skuledelen framleis det gamle ventilasjonsanlegget som er lite energisparande. Dette må ein snarast prioritere. På idrettsbygget har brannsikringa vore defekt ei tid, og etter krav frå branntilsynet er arbeidet med nytt varslingsanlegg no i gang. Det er også utarbeidd planar for oppgradering av bygget slik at funksjonshemma skal få betre tilgang (heis og toalett)

Vaksenopplæringa må ein sjå nærare på. Det er mange som begynner, men fråfallet er stort og der er lenge sidan nokon gjekk opp til prøve. Undervisninga bør vere meir intensiv og forpliktande slik at innvandrarane raskare kan få dei norskkunnskapane som trengs for å få seg eit arbeid som dei kan vere kvalifisert for.

Frå 1. sept 2004 er kommunane forplikta til å gi flyktingar, personar med opphald på humanitært grunnlag og familiegjennforente eit introduksjonsprogram.

Dei som kjem frå EU-land skal også få tilbod om norskopplæring, men denne vert det ikkje gjeve stønad til.

Når det gjeld vaktmestertjenesta så bør den evaluerast. Vi vil vere bedre tent med ein fast vaktmester knytta til skulen, både økonomisk og driftsmessig.



## EIDSDAL SKULE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

Tenestene dette året har stort sett vore som i fjor.

#### Personalet

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Eidsdal skule	11,45	10,67	10,26	10,26

### 2.0 Driftsrekneskap Grunnskule.

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Eidsdal skule	5.604.215	5.474.800	129.415	2%

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Av teiepliktpålagte grunnar måtte vi auke lærartettleiken noko, utslag i lønningar/lønnsauke kr 123.000. Dessutan vart vi trekt for kr 32.000meir enn budsjettet til vaktmeisterteneste utan at vi har tinga det. Refusjon framandspråkelege elevar, overført kr 39.000 til Valldal skule. Når vi likevel greidde å halde oss innanfor berre 2% overforbruk (kr 129.000), skuldast det strenge innsparingar på resten av budsjettet. Vil samstundes nemne at vidare reduksjonar av personalet ikkje er realistisk i høve til lovverket og elevgrunnlaget.

Gjennomføring av nokre prioriterte tiltak dette året:

- Ballbingen er ferdig og teken i bruk. Takka vere stor dugnadsinnsats, (halvparten gjort av rektor), og god planlegging, vart det eit fint og praktisk anlegg som er mykje nytta både i skuletida og etter skuletid.
- Asfaltering rundt ballbingen og samanknytning til resten av området/klargjering for neste byggjesteget.
- Opparbeiding av gangveg, asfaltering, støypping av fundament og oppsetjing av gjerde.
- Det er no oppsett dei lenge etterlengta persiennene for solskjerming inn til kontor/arbeidsplassar og utanfor dei mest utsette klasseromma.
- Maksimalvaktar for å spare straum er på plass.
- Ny branndør er på plass etter nye forskrifter.
- Vi har fornya symaskinene våre, etter 30 år var dei utslitne.
- Det største klasserommet vart oppussa ved hjelp av prosjekt/dugnad frå elevane, lærarar og foreldre. Her sparte vi kommunen for store beløp.
- Naturstien som vart øydelagt av hververk er rydda ved hjelp av elevprosjekt.
- 1.-7. klasse hadde eit stort tverrfagleg prosjekt "Snus og Finn i nisseland". Dette var ein heil liten musikal med mykje sang, og musikk. Det vart framført som eigen programkveld frå sena i gymsalen før jul.
- I år har vi hatt den tradisjonelle juleverkstadveka (storsatsing 3. kvart år), der vi mellom anna fiska og baka, hogde ved og støypte lys, samt mykje mykje meir, og avslutta med stor marknad/utstilling.

Tiltak for målstyring i høve reformer:

- Med god hjelp frå det sentrale IT budsjettet har vi fått fornya dei fleste datamaskinene våre. Dette var nødvendig for å kunne klare krava som kjem om elevtilgang både i undervisninga og til eksamen. Maskinene er mykje nytta, og det er stort press på datarommet.
- Lærarane har gått datakurs, og vi satsar på å halde oss oppdatert med nye program og nye bruksområde. Som ein liten skule med sterkt avmålte midlar må vi heile tida prioritere nøye.
- Tilpassa opplæring er eit anna område der vi satsar mykje. Skulen har i år laga arbeidsplanar for den einskilde elev med måloppnåing dag for dag.
- Vi har også i år 2 elevbedrifter i gang. Dette for å førebu elevane best mogeleg for yrkeslivet. Her kunne vi ynskje oss meir resursar til å setje inn, men med stor friviljug innsats frå lærarane held dei eit godt og framtidsretta tiltak i gang.

Skuleutvikling:

- På dei målingar som er gjort hittil har vi kome godt ut, men det betyr ikkje at vi kan slappe av, stillstand er tilbakegang. Det ein kan frykte er at undervisninga kan verte styrt av alle prøvene, og at normale variasjonar mellom klassene og elevgrunnlaget kan gje tilfeldige utslag på målingane.

Personalsituasjonen:

- Sjukefråværet er lite, bortsett frå nokre langtidsfråvær. Samarbeidsteama fungerer betre no når arbeidstidsordninga er endra, men arbeidsmengda aukar og det merkast.
- Det er meir ynskje om arbeid enn det er arbeidsplassar, og fagleg dekning er god. Det kan verte ei utfordring med nytt krav om to framandspråk, men med vårt timetal og elevtal vil det begrense seg.

Nye tiltak:

- Med dei små resursar vi har, prøver vi å få i gang kompetanseheving blant personalet. Her kunne vi ynskje meir midlar til kurs og oppdatering, men dette vert det også arbeidd med sentralt.
- Lions Quest er i bruk på alle klasetrinn for å auke elevtrivsel, medmenneskeleg forsråing og for å motverke mobbing. Her er også foreldra involvert. Gjennom jamnlege elevsamtalar og bruk av skulen sin "Handlingsplan mot mobbing", arbeider vi såleis aktivt for å få vekk mobbing.

Forbedringstiltak:

Nye reformer og pedagogiske trendar skifter stadig, og vi må fylgje med, samt også ta i bruk dei idear og forskningsresultat som kan nyttiggjerast for vår skule. Samarbeid med foreldra kan alltid forbeholdt og vil vere eit satsingsområde vidare framover. Vi vil også dette året pusse opp eit klasserom på dugnad. Tildelte midlar trengst til å setje i stand utearealet.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Ny læreplan er på trappene og det vil medføre store investeringar til nye læreverk og utstyr. Dei nye reformene tek altså ikkje omsyn til nedhøvla budsjett. Dette med kjøp av nye læreverk slær ekstra hardt ut på små skular med ujevne årskull, for vi må ha nok bøker til det største årskullet men får gjerne budsjett etter gjennomsnittet. Det ville for oss vere bra om alle skulane i kommunen hadde same læreverk, då kunne ein låne av kvarandre og rette opp dette. Innbu og særleg bord og stolar er etter kvart slitne og her trengst ei fornying. Nokre av ytterdørene held også på og "går opp i liminga", og må skiftast. Til neste år har vi bede om kr 250.000 til dette. Databruk og mediarom ser ut til å verte meir og meir viktig for skulen. Hittil har vi løyst dette ved å bruke eit grupperom til datarom. På sikt bør vi utvide biblioteket, og vi har ført opp midlar til dette i investeringsbudsjettet med kr 700.000.

Det vil også kome nye krav om forbetra arbeidsplassar for lærarpersonalet, og nye krav om auka datamaskintilgang for elevane. Kanskje mest på ungdomssteget og då særleg opp mot eksamen og prøver. Breibandtilknytning via kabel vil for oss gje innsparing på telefonutgiftene, og det vil ganske snart vere heilt nødvendig for å kunne stette krava skulen får. Til så lenge har vi tinga tilknytning med ADSL, som også vil spare oss for utgifter.

## TAFJORD SKULE OG BARNEHAGE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

#### Tenestene

Tafjord skule og barnehage har i 2004 hatt barnehage og grunnskule for 1.-7. årskull. SFO – tilbud for 1. til 4. klasse har vore inkludert i barnehagetilbodet.

Barnehagen har hatt 5 born i vårhalvåret og 3 born i hausthalvåret. Skulen har hatt 13 elevar i vårhalvåret og 11 i hausthalvåret.

Dessutan har vi eit kombinert folke- og skulebibliotek.

#### Personalet

- Rektor/styrar i 100 %, vårhalvåret 35% i barnehagen og 65% i skulen, hausthalvåret 55% i barnehagen og 45% i skulen.
- Assistent 60% i barnehage/SFO.
- To lærarar i skulen, ein i 100% og ein i 86%.
- To vaskarar i til saman 51,30 %.

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2005
Tafjord skule og barnehage	5,95	6,20	5,90	*3,91

\* Hausthalvåret

### 2.0 Driftsrekneskap

#### Grunnskule, sfo, barnehage

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Tafjord skule	1 826	1 897	-72	-4
Netto Tafjord sfo	- 1	1	-2	-19

#### Barnehage

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Tafjord bhg.	422	513	-91	18

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Nokre moment i denne samanheng som er med i vurderinga:

- Rekneskap i forhold til budsjett; ev avvik og kvifor  
*Har halde seg godt innanfor budsjetttrammene.*
- Planlagte oppgåver gjennomført? (bruk gjerne tabell)  
*Har ikkje fått breibandtilknyting, sjølv om arbeidet er gjort og utstyret er montert her på skulen.  
Har oppgradert og skifta ut nokre datamaskiner. Har montert dørlukkarar på viktige dører for å spare straum/auke temperaturen.*
- Ev. tiltak/målstyring i forhold til reformar, statlege styringssignal

*Kvalitetsutvikling: Ved overgang frå klassestyrar til kontaktlærer har vi lagt større vekt på individuelle mål og sett oss inn i faglitteratur om læringsstilar.*

*Sosial kompetanse. Godt fellesskap: Handlingplanen mot mobbing var ferdig til årsskiftet 2004. Ved skulestart vart den revidert etter dei erfaringane vi hadde i vårhalvåret. Elles har vi arbeidd med langsiktige haldningsskapande mål, særleg med Lions Quest-opplegget og brukt sirkelsamtale.*

*Songar/dansar med meir frå "Kor Arti" har vore brukt som metode, og har vore med på å skape stor trivnad gjennom heile året.*

*"Gi rom for lesing" – ekstra satsing på lesing og skriving frå 1. til og med 7. klasse. Sjå eigen rapport.*

*Fysisk miljø/fysisk aktivitet: Vi har gode tilhøve når det gjeld skulemåltid. Barnehagen og skulen et i lag på kjøkkenet. Dette året har vi utvida tilbodet til også å gjelde frukt som dei fleste er med på. Har lagt til rette for allsidig aktivitet rundt skulen, ballbinge, aking, hoppbakke med meir. Her søkte vi om midlar for å utvikle plassen der vi har uteskule, men vart ikkje prioriterte..*

- **Arbeidsmiljø, sjukefråvær; situasjon og ev. tiltak**  
Her er godt arbeidsmiljø og lite sjukefråver. Frå dette skuleåret er vi eige verneområde, og verneombodet har 40-timarkurs i januar 05.
- **Personellsituasjonen(rekruttering, kompetanse**  
Personalet er godt kvalifiserte. Begge lærarane er adjunktar, og held i tillegg på med vidareutdanning i norsk 3.Assistenten i barnehagen har lang erfaring, og reinhaldspersonalet er sjølvstendige,
- **Nye tiltak iverksett, under vurdering, anna utviklingsarbeid (døme: teneste, kvalitet, informasjon/brukardialog, tilsette mv)**  
"Gi rom for lesing"- utviklingsprosjekt for alle trinna.
- **Ev samarbeidstiltak med andre verksemdar, interkommunalt?**  
Småskulen har samarbeidd med Dalsbygda i "Gi rom for lesing". Erfaringsutveksling med lærarar på Norsk3. Dette har vore viktig då lærargruppa er så lita no.
- **Anna:**  
Har arbeidd med 10-årsjubileum som skal vere i januar 2005.

Forbetringstiltak, kva må verksemda sjølv iverksette kommande år(a)?

*Har streva med å få breibandtilknyting dette året og ikkje lukkast med det.*

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Kva ser du vil vere utfordring(og mulighet) for di verksemd framover og på kva måte kan det løysast slik du ser dette? Skisser moglege tiltak. Desse tiltaka vil å være viktig input i rullering av økonomiplan 2006-2009

- *Utsifting av datanettverk og forbetring av datasamband*
- *Utvikling av uteskuleplassen*
- *Vidare utvikling av skulen og barnehagen i tråd med kommunale og nasjonale planar.*
- *Vidareutvikling av samarbeidet vi har med biblioteket.*
- *Vidare arbeid med innetemperatur i heile bygget.*

## DALSBYGDA SKULE OG BARNEHAGE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

Tenestene: Dalsbygda skule og barnehage fungerer som lokalt oppvekstsenter for barn i Dalsbygda krins. Tenesteytinga i 2004 var barnehagetilbod frå 1 år til 5 år, Grunnskuleundervisning for klassestega 1 – 7 og SFO-tilbod for 1. – 4. klasse. SFO-tilbodet er heilt eller delvis integrert i barnehagen (felles personale).

Barnetal: Pr. 31.12.2004 er det 18 elevar på skulen, 4 av desse har SFO-tilbod. I barnehagen er det 13 barn.

Personalet: Utanom vaktmeister/vedlikehaldstenester har verksemda desse tilsette:

Barnehagen/SFO: 1 pedagogisk leiar (deltid), 2 barnehageassistentar (deltid), 1 reinhaldar (deltid).

Skulen: 1 lærar (heiltid), 3 lærarar (deltid), 1 reinhaldar (deltid). Kombinert rektor/styrar i 100%. Viser elles til tabell 10 nedanfor.

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Dalsbygda skule og barnehage	7,16	6,19	5,69	6,11 *

\* frå 01.08.2004.

### 2.0 Driftsrekneskap

Grunnskule, sfo

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Dalsbygda skule	2 026	2 107	- 81	- 4
Netto Dalsbygda sfo	36	56	- 20	-35

Barnehage

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Dalsbygda bhg.	388	554	-165	-30

Totalt gir dette samla for barnehage/SFO og skule eit forbruk på 90% av budsjett.

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Økonomi: Rekneskapa i høve til budsjett viser at verksemda i 2004 har halde seg godt innanfor budsjetttrammene. Grunnen til dette er prioritert arbeid med budsjettkontroll, berre 4 dagars opningstid i barnehagen, redusert undervisningstimal i skulen for vårhalvåret, mindre straumforbruk og auka inntekter frå foreldrebetaling for barnehage og SFO.

Planlagte og gjennomførte oppgåver: Med utgangspunkt i sentralt lovverk, planar og føresegner er all aktivitet i verksemda driven gjennom lokal verksemdsplan og årsplan for barnehagen/SFO. Dette blir vidare nedfelt i periodeplanar, faglege semesterplanar og vekeplanar. Hovudsatsingsområda har vore:

Omsorg, tryggleik og trivsel	Fagdel og pedagogisk del	Natur og nærmiljø	IKT som hjelpemiddel og som pedagogisk verktøy
Respekt for kvarandre, fadderordning, SFO, skule/heim, barnehage/heim, aktivitetar med utgangspunkt i årstidene og tradisjonar.	Ansvarslæring, leseopplæringa, matematikk, norsk/bilde/musikk, førskuleopplegg.	Naturleikeplassen, bli kjend i bygda og kommunen. Bruk av lavo, kortare fjellturar.	Lærestoff frå internett, lokal internettside, bildebehandling, tekstskriving, pedagogiske læreprogram.

Av planlagde og gjennomførte oppgåver kan nemnast: Norskprosjektet med særleg vekt på leseopplæringa, noko fornying av maskin- og programvare IKT, ulike former for overføring av kunnskap og utviklingsarbeid gjennom aktiv deltaking i nettverksarbeid med andre barnehagar og skular både i og utanfor kommunen. På den bygningsmessige sida har vi fått skifta alle gamle vindu i 1. etasje. Dette har gitt betre isolasjon og enklare reinhald.

Tiltak i høve til reformer/statlege styringssignal: Nasjonale prøver og informasjon omkring skulereform, kvalitetstiltak og nye læreplanar.

Arbeidsmiljø: Verksemda har eit godt arbeidsmiljø og lite sjukefråvær. Systematiske gjennomførte årlege medarbeidersamtalar er eit godt fundament for å utvikle eit godt arbeidsmiljø og kan medverke til å halde sjukefråværet nede. Eit godt vedlikehalde anlegg og gode hjelpemiddel kan verke positivt på det same.

Personellsituasjonen (rekruttering, kompetanse): Personalet har jamt over eit høgt kompetansenivå. Verksemda har pedagogisk leiar i barnehagen med førskulelærarutdanning. Rektor og alle fast tilsette lærarar har adjunktkompetanse. Alt personell, både pedagogisk og ikkje pedagogisk personell har lang arbeidspraksis. Fleire av dei tilsette har gjennom året fått tilbod om etterutdanningskurs som fleire har gjort seg nytte av. Det har i året ikkje vore uhell eller skader av større omfang.

Nye tiltak av større omfang utanom leseprosjektet har ikkje vore sett i verk, men vi fokuserer heile tida på vidareutvikling og forbetring til dømes gjennom auka bruk av IKT. Den lokale IKT-rettleiaren har lagt ned mykje arbeid i utvikling av skulen si heimeside. Rektor er aktivt med i skulevurderingsarbeid i regi av Nordre Sunnmøre kompetanseregion og det kommunale forum for rektorar/barnehagestyrarar under tittelen Samordna leiing. Pedagogisk leiar i barnehagen er verksemda sin representant i interkommunalt barnehagenettverk.

Forbetringstiltak komande år(a): Fornyng/utvikling av læremiddel, innbu, teknisk utstyr, HMS-tiltak, dokumentasjon, arkiv og systematikk.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Vidareutvikle Dalsbygda skule og barnehage som lokalt oppvekstsenter gjennom fleksibel og rasjonelt bruk av bygning, uteområde, innbu, utstyr og personell. Stikkord vil vere kvalitet og tenesteyting. SFO-tilbodet skal vere fleksibelt og brukartilpassa.

- fornying av utstyr og læremiddel.
- Investeringar i IKT-utstyr og programvare
- Raskare, rimelegare og driftsmessig betre datasamband
- Utskifting av vindu i den eldste delen av bygget
- Utvendig og innvendig vedlikehald. Døme: Beising/måling
- Behalde og rekruttere nødvendig arbeidskraft
- Ta i bruk nye fagplanar
- Skulevurdering –internt og eksternt
- Få tilført nødvendige budsjetttrammer i konkurranse med andre kommunale verksemder og private aktørar
- Vise gjennom tiltak og drift at ein liten skule og barnehage kan forsvarast i framtida.
- Få alle foreldre til å bruke barnehagen mest mogeleg



## SYLTEBØEN BARNEHAGE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

#### Tenestene/Oppgaver (kort skildring)

”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem. Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier.”

Utdrag frå Lov om barnehager.

#### *Personalet:*

Også i 2004 er det ein del permisjonar og fleirtalet av personane som jobba i Syltebøen er i vikariat eller midlartidige tilsetjingsforhold.

Verksemdsleiar er ny for hausten. Solveig Ranheim, som har hatt denne stillinga i mange år, har frå august permisjon i 3 år frå denne stillinga. Mette Hovden er i det vikariatet i 100% stilling

Fråværsstatistikken syner tydeleg ein høgt fråvær også før ferien, men hausthalvåret er noko betre. Med ein nedgang på om lag 15 % frå 2. til 3. kvartal må vi seie at det går i rett retning.

I tabellen nedanfor ser det ut som at antal årsverk har auka dramatisk: Det er ikkje heilt sant. Rett nok har vi ein del ressurskrevjande spes.ped tiltak som bidreg . Og i 2004-talet ligg både ekstraassistent til barn med behov for særleg hjelp og støtte, og reinhaldar (det har ikkje vore teke med før). Avdelinga i Fjørå er også rekna med i totalen.

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Syltebøen barnehage	8,05	9,58	Vår 6,85 Haust 7,37 Snitt 7,06 Mo jr: 2,63	Om lag 12 tilsaman i Syltebøen og Fjørå, inklusiv reinhaldar.

### 2.0 Driftsrekneskap

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Syltebøen bhg.	819287	816400	2887	0,3%
Netto Syltebøen bhg. Mo jr./Fjørå	489582	494600	-5018	-1,0%

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Tiltak	Gjennomføring
Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling	I 2002 var vi med på Fylkesmannen sine kurs. Har sidan arbeidd med å vidareføre dette i det daglege arbeidet. Ein god del er gjort, men det er framleis mykje å gripe fatt i. Det er ein kontinuerleg prosess som aldri må stopp, og difor er det viktig å setje det på dagsorden også i framtida.
Personalsamarbeid: Betring av personalsamarbeidet, m.a. ved bruk av Jungs typeteori, "Løft"....	Våren 2003 var heile personalgruppa på ein studiedag der vi var gjennom Jungs type-test. Det var plan å arbeide meir med dette i 2003-2004, men det har ikkje vorte noko av. Dette delvis pga stadige endringar i personalsituasjonen. Men sjølv om det ikkje har vore noko systematisk arbeid dette, har vi det likevel med oss i kvardagen – og personalsamarbeidet er bedra.
Sosial kompetanse "STEG FOR STEG"	Skulle starte på vårparten, men blei av ulike grunnar utsett. Prosjektet starta vi opp frå hausten, og held framleis på. Helselaga i Valldal og Fjørå har spona dette prosjektet med både materiell og kurs. Takk til dei.
Dataopplæring for personale	Det var ein nytt grunnkurs hausten 2004.
Hovudmålsetjingane for avdelingane i årsplan.	Fullført.
Brukartilpassing	Ny avdeling kom etter mykje om og men på plass i Fjørå.
Språksprell	Ikkje gjennomført.
Bygging av ny avdeling	Vedtak i kommunestyret om å utvide barnehagen med ei avdeling.

- Ev. tiltak/målstyring i forhold til reformer, statlege styringssignal  
Makspris og endra søskenmoderasjon i foreldrebetalinga blei innført våren 2004
- Arbeidsmiljø, sjukefråvær; situasjon og ev. tiltak:  
Arbeidsmiljøet: sjå tiltak/gjennomføring over.  
Sjukefråværet var opp mot 25% i 2. kvartal. Dette er skremmande høgt. Resultatet for 3. kvartal var redusert med nær 15%, så det byrjar å rette seg. Men dette er noko vi verkeleg må ta tak i, og arbeide aktivt for å få orden på.
- Personellsituasjonen(rekruttering, kompetanse  
Personalsituasjonen er betre etter sommarferien. Kompetansen er høgare, utdanna førskulelærar manglar nå i berre 0,6 stilling.  
Det rår framleis ein del uråd omkring permisjonar. Dette skal gåast nøye gjennom, og vi får da sjå det reelle behovet vidare.
- Nye tiltak iverksett, under vurdering, anna utviklingsarbeid (døme: teneste, kvalitet, informasjon/brukardialog, tilsette mv): Sjå skjema lenger opp.
- Ev samarbeidstiltak med andre verksemder, interkommunalt:  
Interkommunalt styrarnettverk fungerte bra på våren, men det har ikkje vore noko aktivitet i haust.  
Interkommunal plandag gjennomført i september. Kurs med Kari Pape.  
Samarbeid med skulen på vårparten om overgang frå barnehage til skule for 5-åringane
- Anna?

Forbetringsiltak, kva må verksemda sjølv iverksette kommande år:

Vi må redusere sjukefråværet ytterlegare. Her har vi eit godt stykke arbeid å gjere, både med å finne tiltak og å gjennomføre dei.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Kva ser du vil vere utfordring(og moglegheit) for di verksemd framover og på kva måte kan det løysast slik du ser dette? Skisser moglege tiltak. Desse tiltaka vil å være viktig input i rullering av økonomiplan 2006-2009

Barnehagen, slik det er i dag byrjar å bli "sliten". Etter 15 år med lite vedlikehald er den moden for opp-pussing. Dette vil det vere klokt å gjere i samband med at vi nå skal utvide barnehagen med ei avdeling.

Her må vi tenke på funksjonalitet, og rasjonell drift. Vi må også syte for at heilheita i barnehagen vert slik at vi har rom for fleksibilitet i drifta i framtida. For å få til dette må vi sjå på moglegheiter for endring i eksisterande bygg. Her er det mykje å hente på interiørsida. Vi må rekne med å bruke ein del økonomiske midlar på nytt inventar og oppussing i "den gamle" delen.

Vidare ligg det ei utfordring på personalsida. Vi må få meir stabilitet i personalgruppa. Arbeidet med å rydde i "permisjonskaoset" har byrja. Dette må vi berekne å bruke 1-2 år på før vi har det under kontroll. Dette gjeld heile sektoren.

Regjeringa har også lagt nokre føringar for oss når det gjeld utfordringar i framtida:

For 2005 har regjeringa prioritert følgende mål, frå forslag til statsbudsjett 2005. Oversikt over delmål og resultatmål for barnehageområdet i 2005

Delmål	Resultatmål
Barnehageplass til alle som ynskjer det.	*Nye plassar til 9000 barn i 2005, 6200 under 3 år og 2800 over 3 år. *Vidareføre statleg investeringstilskot til nye barnehageplassar
Vidare innfasing av økonomisk likeverdig behandling	*Ikkje-kommunale barnehagar skal sikras minst 85% av offentleg finansiering i tilsvarande kommunale barnehagar.
Tidsriktig regelverk for sektoren	*Legge fram ein Ot. Prp om endringar i barnehagelova i vårsesjonen 2005. *Revidere rammeplan for barnehagen.
God kvalitet og mangfald i barnehagane	*Foreslå tiltak på bakgrunn av avgitt rapport frå arbeidsgruppe om kvalitet i barnehagane. *Følgje opp arbeid med å utvikle kvalitetsindikatoren KOSTRA
Gode og målretta ordningar for barn med særlege behov.	*Følgje opp kunnskapsstatus om kvaliteten i tilbodet for barn med funksjonshemming. *Evaluere ny tilskotsordning for minoritetsspråklege barn i førskulealder
God kunnskap som grunnlag for barnehagepolitikken	Følgje opp barnehageforskinga i regi av Forskningsrådet.
Integrere likestillings- og miljøperspektivet i barnehagepolitikken	*Følgje opp handlingsplan for likestilling og BFD sin miljøhandlingsplan *Andel menn i barnehagen

## EIDSDAL BARNEHAGE

### 1.0 Organisasjon og bemanning

Tenestene:

Tenesteytinga i 2004 var barnehagetilbod frå 1 år til 6 år med opningstid fem dagar i veka.

Barnetal:

Pr 31.12. 04 er det 18 barn i barnehagen, fordelt på 12 plassar kvar dag.

Personalet:

6 personar fordelt på 2,9 stilling.

Tabell 10

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Eidsdal barnehage	2,60	2,70	3,00	2,93

### 2.0 Driftsrekneskap

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Eidsdal bhg.	373593	468800	95207	+ 20 %

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Nokre moment i denne samanheng som er med i vurderinga:

- Rekneskap i forhold til budsjett;

Rekneskapet viser at Eidsdal barnehage har halde seg innanfor budsjettet med svært god margin. Dette skyldast store refusjonar av sjukepengar gjennom heile 2004, då det har vore to langtids sjukemeldingar gjennom heile året.

- Planlagde oppgåver gjennomført. Viser til verksemdsplan 2004

Tiltak	Gjennomført
Utbetring på det elektriske anlegget	Ferdig nov 04
Flytting av varmtvannstank	Ferdig des 04
Kjøpt ny oppvaskmaskin	Des 04
Flytta gjerdet ved inngangen og hogd ned skog slik at vi har fått meir kupert terreng.	Ferdig aug 04
Sjekka sand under leikeapparat.	Ferdig sept 04
Måle leikeapparata	Ikkje gjennomført
Ny port ned mot sjøen	Ikkje gjennomført

- Ev. tiltak/målstyring i forhold til reformar, statlege styringssignal

Vi jobbar ut ifrå rammeplanen og Lov om barnehager.

- Arbeidsmiljø, sjukefråvær; situasjon og ev. tiltak

I løpet av 2004 har vi hatt stort sjukefråvær med to langtidssjukemeldingar. I desse tilfella kan vi ikkje gjere så mykje då det ikkje er direkte relatert til arbeidsplassen.

- Personellsituasjonen(rekruttering, kompetanse)

Vi er seks tilsette i 2,9 stilling inkludert reinhaldar. Frå hausten 2004 var det tilsett styrar med førskulelærarutd. Dei andre har ikkje utdanning, men lang erfaring frå arbeid i barnehage. To av assistentane skal frå febr. 05 starte på utd. Barne og ungd.arbeider

- Nye tiltak iverksett, under vurdering, anna utviklingsarbeid (døme: teneste, kvalitet, informasjon/brukardialog, tilsette mv)

Vi prøvar å vere ein brukarvennleg barnehage. Vi vil fortsetje å jobbe med kvalitetssutvikling og kvalitetssikring i form av brukarundersøkingar og evalueringsskjema.

- Ev samarbeidstiltak med andre verksemder, interkommunalt?

Styrar er med i interkommunalt nettverk. Det har frå hausten blitt etablert ei samarbeidsgruppe innad i kommunen der alle barnehagestyrarar og rektorar deltek. Vi har hatt tre samlingar/ kurs i regi av Moland Kompetanse og Rådgivning. Vi jobbar med prosjektet ”samordna leiing utan sektorkontor”. Dette virkar interessant å sjå kva vi vidare kan få ut av dette. Skal ha tre samlingar til i løpet av vår 2005.

Forbedringstiltak, kva må verksemda sjølv iverksette kommande år(a)?

Faglig: Vi har kome i gang med opplegget steg for steg, trening i sosial kompetanse og skal halde fram med det i 2005. Dette bør det jobbast grundig med vidare.

I tillegg må vi jobbe vidare med kvalitetssutvikling og kvalitetssikring.

Vi må få laga til ny port ned mot sjøen.

Brann varslings anlegget er ikkje tilfredsstillande. Røykvarslere på alle rom, og dei må serie koblast.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Hovudutfordringa vil verte å behalde full opningstid i barnehagen.

Dette året har vore ei stor overvekt på 40 % plassar.

40 % plassar gir lite stats tilskudd.

Flest mogleg må søke 60, 80 og 100 % plass. Viss ikkje blir det aktuelt å stenge barnehagen ein dag frå hausten 2005. Det er viktig for bygda sin del i åra som kjem å kunne ha ein barnehage med opningstid fem dagar i veka.

#### Personale:

- Redusere deltidstillingane.

Slik situasjonen har vore frå hausten 2004 har verksemda hatt eit årsverk på 2,93 stilling fordelt på seks personar. Dette har vore ein lite tilfredsstillande situasjon. Dette er uheldig både for barna og personalet. Det blir liten eller ingen kontinuitet i det pedagogiske arbeidet og det er vanskeleg med eit godt samarbeid innad i personalgruppa.

- Få kvalifisert personale i verksemdsleiar og ped. leiar stillinga.

#### Bygg/Anlegg

- Få til tilfredsstillande brann varslings anlegg. Røyk varslarar på alle rom som er serie kobla.
- Skifte ut vindu ned mot sjøen, i hovudsak på kontoret.
- Gjerde ned mot sjøen er i dårleg forfatning og må skiftast ut.

## MUSIKKSKULEN, BIBLIOTEK OG KULTUR

### 1.0 Organisasjon og bemanning

#### Tenestene

Dei ulike tenestene som ligg til området er: Kulturskule, bibliotek og kultur

#### Personalet

Ingen endring i personalet i 2004 med unntak av kulturskulen

Bra personalsituasjon. Utfordring med å få på plass danselærer i kulturskulen.

Lite sjukefråvær.

Tabell	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Norrdal bibliotek	1,77	2,28	1,62	1,62
Kultur	0,50	0,50	0,50	0,50
Norrdal musikkskule	3,39	2,99	2,93	2,86 / 3,12

### 2.0 Driftsrekneskap

	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto Kultur	760.782	803540	42.758	5
Netto Norrdal bibliotek	878.418	901000	22.682	2.52
Netto Norrdal kulturskule	881.423	988100	106.677	11

#### Kommentarar

Kulturskulen: I budsjettet var det lagt inn rom for utviding av drifta frå 1. aug.

Dette har ført til at alle søkjarar har fått plass, og vi fekk i gang nye tilbod i dans og bilde.

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Nokre moment i denne samanheng som er med i vurderinga:

#### Biblioteket

- Planlagte oppgåver bra gjennomført. Jamn drift som vanleg. Ekstra oppgåver har vore planlegging av nytt lokale for hovudbiblioteket. Bibliotekstrukturen har vore vurdert også dette året.
- Svært lite sjukefråvær, godt arbeidsmiljø
- Stabilt personale. Ingen endringar i året.
- Vi har regionale møte med bibliotek i nærområdet, der vi tek opp felles utfordringar. Lite fagleg miljø i eigen kommune.
- Bibliotekbruken ganske stabil. Noko nedgang ved Tafjord og Norrdal filialar.

#### Kultur

- Gjennomført faste oppgåver som tildeling kulturmidlar, kulturforum, kulturdag, ungdommens kulturmonstring, friluftswekend m.v.
- Ikkje sjukefråvær i 2004.
- Fått digitalisert og lagt på nett fotoarkiv med gamle bilder

- Interkommunalt samarbeid, m.a. forsøk med å få på plass hundreårka

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

##### Bibliotek

- Før vi får nye lokale for hovudbiblioteket, blir det helst å gjere det beste ut av ein vanskeleg situasjon.

##### Kultur

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid
- Vidareutvikle byggeklossen
- Få sett i system samlingar og bygningar som kjem under nemninga kulturvern.



## HELSE OG SOSIAL . PLEIE OG OMSORG

### 1.0 Helse- og sosialavdelinga

Omfattar legekantoret i Valldal og utekantoret i Eidsdal, helsestasjonen med helsesøster inkl. jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, kommunefysioterapeut og ergoterapeut, dei to sistnemnte er avtalar med Muritunet. Kommunen har avtale om driftstilskot med fysioterapeutar som driv privat praksis, fordelt til M.Ytterdal i Eidsdal og til fysioterapeutar på Muritunet. Når det gjeld legesituasjonen har kommunen hatt to fast tilsette legar heile året. Legevakta krev stadig innleige av "vikarlegar." Barnevern- og sosiale tenester arbeider etter lov om sosiale tenester, lov om barneverntenester og alkohollova. Gjeldsrådgjeving ligg under sosialkontoret sine oppgåver samt sakshandsaming for Husbanken (bostøtte og etableringslån), utbetringstilskot, transportordning for funksjonshemma, reduksjon av renovasjonsavgift samt arbeid med flyktingar. Koordineringsarbeidet i høve funksjonshemma er knytt til kontoret. Sosialtenestene er no meir å sjå på som ein stabsfunksjon.

Pr. 31.12.04	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Legesekretærar	2,35	2,35	2,35	2,35
Sekretær – merkantil, delt	0	0	0	0
Helsestasjonen inkl. jordmor	2	2	2	1,80
Legar inkl. turnuslege	3	3	3	3
Psykiatrisk sjukepleiar	0,80	1	1	1
Kommunefysioterapeut*	0,5	0,5	0,5	0
Ergoterapeut*	0,5	0,5	0,5	0
Sosialleiar	1	1,3	1,0	1
Sum årsverk	10,1	10,6	10,3	9,1
*Sjå avtalar med Muritunet				

### 2.0 Pleie og omsorg

Omfattar heimetenestene i kommunen, i form av heimehjelp, heimesjukepleie og bustad i bukollektiv. Tiltak for utviklingshemma høyrer også til her.

Ein annan stor part i avdelinga er sjukeheimen. Meir oppdelt blir oversynet slik:

-Sjukeheimen i Valldal med 20 sengeplassar

-Skjerma eining (Loftet) med 8 sengeplassar

-6 kortidsplassar (fysisk plassert på tidlegare trygdeavd) som vert brukt til rehabilitering/kortidsopphald og vinteropphald.

-Kjøken som lager mat til samtlege bebuarar på sjukeavdeling, skjerma og 22 omsorgsbustader.

-Reinhald/vaskeri som har vask av alt areal på sjukeheimen, skjerma, kortidsplassar, omsorgsbustader, samt vask av klede for alle som bur her.

-Aktivitetsavdelinga med aktivitør og aktivitørassistent.

-Heimetenestene i Valldal som skal dekkje heimesjukepleie, heimehjelp, 32 omsorgsbustader, 6 rehabiliteringsplassar.

-Omsorgsbustadane i Eidsdal (12 bustader) dekkjer døgnbemanning i omsorgsbustadane, heimehjelp og heimesjukepleie i Eidsdal/Norrdal.

-Omsorgsbustadane i Norddal (5 bustader + 1 KTP), som dekkjer døgnbemanning (her kvilande nattevakt) i omsorgsbustadane, heimehjelp og heimesjukepleie. Desse to einingane blir no sett meir under eitt. Samordninga av desse tenestene synest vellukka.

-Elvetun, (3 bustader + avlastingsbustad), her er det bemanning på dag/kveld men ikkje på natt. Bemanninga på Elvetun dekkjer også ein del av bemanninga når det er personer/brukarar i avlastingsleilegheita, her er det snakk om fleire brukarar. Personalet på Elvetun må også i framtida dekkje fleire av tenestene i høve funksjonshemma i dei nye bustadene som sto ferdig sommaren 2002.

-Tiltak funksjonshemma dekkjer avlasting i høve ein mindreårig brukar.

Også i 2004 har alle omsorgsbustader i kommunen vore bebudde heile året. Alle plassane ved pleieavdelinga har vore nytta. Etterspurnaden er generell høg, og også i 2004 var det mogleg å gi alle eit tilbod. Tal på heimebesøk er for 2004 held seg stabilt samanlikna med åra før

Pr 31.12.04	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Elvetun	3,15	3,15	3,15	3,15
Administrasjon, verksemdleiar/sekretær	0,50	1,0	-	0,5
Heimetenestene i Valldal, med oms.bustader	20,00	19,12	18,8	16,7
Heimetenestene i Norddal, med oms.bustader	4,34	4,28	2,90	
Heimetenestene i Eidsdal, med oms.bustader	7,71	7,9	7,64	10,8
Tiltakutviklingshemma/+konsulent funksj.hemma	1,37	1,9	2,26	5,0
Sum total open omsorg	37,07	37,35	35,0	36,15

Pr. 31.12.04	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Administrasjon, verksemdleiar/sekretær	0,50	1,5	1,5	1,0
Sjukeavdelinga – sj.pl., hjelpepl., omsarb.	18,71	20,0	19,0	19,8
Skjerma eining - sj.pl., hjelpepl., omsarb.	8,54	8,59	8,59	8,8
Aktivitørar	1,50	1,5	1,5	1,5
Vaktmeister	0	0,5	0	0
Verna arbeidsplass	0,20	0,2	0,2	0,2
Kjøkken	4,85	4,85	4,94	4,94
Reinhold/vaskeri	3,67	3,67	3,64	3,64
Lærling	0,50	0	0	0
Sum	38,54	40,8	39,37	39,9

### 3.0 Driftsrekneskap

Ansvar/Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
3000 Fellesutgifter helse/sosial	128 965	202 600	73 635	-36,3
3101 Helsestasjon	570 595	565 500	-5 095	0,9
3102 Kurativ helsevern	3 996 369	3 738 800	-257 569	6,9
3103 Jordmorteneste	213 310	226 000	12 690	-5,6
3104 Fysioterapiteneste	554 336	614 400	60 064	-9,8
3105 Psykiatri	-329 042	-343 000	-13 958	-4,1
3106 Næringsmiddelkontroll	24 668	25 000	332	-1,3

3107 Folketannrøkta	-42 385	-35 000	7 385	21,1
3108 L-V sentralen	18 139	57 000	38 861	-68,2
3201 Sosialkontor	742 682	662 800	-79 882	12,1
3202 Økonomisk sosialhjelp	445 186	385 000	-60 186	15,6
3203 Edruskapsvern	-30 509	300	30 809	
3204 Barnevern	637 776	628 000	-9 776	1,6
3401 Heimeteneste i Valldal/Tafjord	5 881 359	5 942 300	60 941	-1,0
3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal	4 308 896	4 250 200	-58 696	1,4
3415 Elvetun	1 615 037	1 452 600	-162 437	11,2
3416 Tiltak psyk.utv.hemma	1 493 893	1 740 400	246 507	-14,2
3450 Valldal sjukeheim	17 248 312	16 873 500	-374 812	2,2
T O T A L T	37 477 586	36 986 400	-491 186	1,3

#### 4.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

- Rekneskap i forhold til budsjett; avvik.

Ut ifrå denne oppstillinga er det sosial- og legetenester som brukar meir pengar enn føreutsett innanfor dette aktivitetsområdet. I pleie og omsorg er det institusjon som peikar seg ut. Imidlertid må ein vere merksam på at hovedansvaret vart gjeve ei tilleggsløyving om lag midtveges i 2004 på 550 000 kr, og denne løyvinga vart aldri tilført ansvaret i form av auke. Viss ein samanliknar den talmessige underdekkjinga med dette, har hovedansvaret ei overdekkjing på avrunda 60 000 kr i 2004.

I 2004 har det ikkje vore laga arbeidsplanar / verksemdsplanar for dei to avdelingane.

#### Helse- og sosialtenestene

Driv primært med personretta arbeid. Korleis dette arbeidet blir oppfatta og motteke, avheng mykje av stabilitet i personalgruppa. Vakttalet og vakansar ved legekantoret fordrar bruk av legevikarar. Ein av dei "faste" legane slutta i desember 2004, men det har lukkast å få tilsett ny fast lege. Gjennom samarbeid med Muritunet har legemiljøet vorte noko større. Ny sosialleiar tok til i september. Planen for helsemessig og sosial beredskap er rullert. Kommunen står ansvarleg for å ha beredskapsplan i ei mykje meir utvida forståing enn tidlegare. Det har vore ei auke i talet barnevernspørsmål og bidrag til livsopphald utover 2004.

Frå kommunepsykiatrien blir dette nemnt:

-Merkbar økning i direkte klientsamtaler, om lag 85 %, i tillegg kommer etterarbeidet for hver enkelt. Behovet for samtaler er alle aldersgrupper, størst økning er i den yrkesaktive aldersgruppen

22- 50. Økt behov også innen alderspsykiatri. Økning innen gruppen ungdom, en del av disse blir henvist videre til BUP

Gjennomførte oppgaver:

-Forarbeid for bygging av omsorgsboliger. Oppstart bygging febr.-05

-Etablering av lokallag Mental helse, er viktig på bakgrunn av krav fra departementet. Krav om etablering og samarbeid med brukerorg , samt økt brukarmedvirkning.

-Planarbeid, - Nærmiljøsentere.

-Planarbeid, - Miljøarbeider - barn og unge.

-Omsorgsberedskapsgruppen.

Har fire faste møter pr. år.

Grupped medlemmene har hatt to utkallinger.

Gruppen har behov for lokale, der vi kan samle et vist antall personer. Inntil videre vil kantina på rådhuset bli brukt.

Gruppen har fullmakt til å disponere øk.midler.

I siste del av året –04, er det i tillegg fått en god del henvisninger på funksjonshemmede.

Henvisningen gjelder ikkje psykiatri.

Pleie- og omsorgstenestene, heimebasert

Arbeidsmiljø,sjukefråver :

Sjukefråveret har i år vore lavare enn sist år. Vi merkar godt at 6 pasientrom er bygd om og er meir egna for pasientar med stort hjelpebehov. Vi prøvar å vere bevist på å vere to i pleie der det er store fysiske/psykiske belastningar. Personellsituasjonen har vore relativt stabil. Arbeidsmiljøet på avdelinga er stort sett bra, men vi arbeider stadig med å få dette til å gli betre. Dei tilsette får variere litt arbeidsdagen ved å arbeide både inne på omsorgsbustaden og å køyre heimesjukepleie.

Nye tiltak:

Det har vorte utarbeidd informasjonsskriv osv. Det som vi må verte flinkare til er å gi både brukarar og pårørande melding om endringar både når det gjeld tenestetilbod, og ikkje minst når det er endringar i betalingssatsar.

Arbeidet med å få kartlagt alle sitt tenestebehov er også med på å auke kvaliteten på den tenesta den enkelte brukar mottek. At vi gir rett hjelp til rett tid.

Samarbeidstiltak.

Saknar framleis eit betre samarbeid med Sjukehuset. Mellom avdelingane lokalt er samarbeidet bra.

Forbetringstiltak:

Først og fremst få betre HMS-rutinene. Alle prosedyrar er på plass, men det viser seg at det er vanskeleg å få det innarbeidd i det daglege arbeidet. Dette vil vi arbeide meir med. Det må også heile tida arbeidast med arbeidsmiljø og haldningar på arbeidsplassen. Arbeidet med å utarbeide ei felles målsetting for heile pleie og omsorg er i gang, og dette skal i løpet av året ned på avdelingsnivå.

Det er også ei stor utfordring for dei som arbeider her at vi har både "sjukeheimsplassar" og omsorgsbustadar å førehalde oss seg til. Det er stor skilnad på kva som td skal takast med frå avdelinga inn på romma alt etter kva type plass brukaren er definert under.

Pleie- og omsorgstenestene, institusjon.

Planlagte oppgåver.

Vi har komt i mål med utskiftingar av alle sengar. No har alle pasientane moderne sjukesenger.

Alarmanlegget er på plass sjølv om det er ein del små ting som enda ikkje er oppe og går med dette.

Vi har begynt med mattlevering frå eige kjøkken til brukarar ute .

Salg av mat til møter og personell har auka.

To nye kjølerom og eit nytt fryserom er ferdig .Sjølvom små ting enda ikkje er oppe og går.

Søppelrommet er flytta vekk frå kjøkken inngangen

Kjøkkenet på loftet blei pussa opp.  
Kom i gang med medarbeidersamtalar på avdelinga.

#### Personell-situasjonen

Vi har "berre" 1,8 stilling ledig som sjukepleiar pr 31.12  
Hjelpepleie-situasjonen er betre, faktisk har ikkje alle som har utdanning fast tilsetjing. To sjukepleiarar tek vidareutdanning i geriatri. Og ein sjukepleiar tek vidareutdanning i kreftsjukepleie.

#### Arbeidsmiljøet.

Vi har eit godt arbeidsmiljø på avdelingane våre. Tek opp ting før dei får "gro fast"  
Men vi er ei avdeling med mange personar i reparasjonsfasen i livet difor har vi eit ganske høgt sjukefråvær.  
Har hatt ein del personar i aktiv sjukmelding i avdelinga. Dette har vore ein god ressurs for brukarane våre.

#### Samarbeid

Vi har skreve under sam arb avtalen med helseforetaket i Ålesund. Her har vi brukt dei til undervisning og veiledning av pasientane våre.

#### HMS

Avvik, bli betre til å lukke avvik  
Rullering av arbeidsplassar  
Samarbeid mellom alle avdelingar  
Auke kompetansen ,lære av kvar andre eller populært sagt "gjere kvarandre gode"  
Intern og ekstern undervisning  
Medarbeidersamtalar

#### 5.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

##### Helse- og sosialtenestene

Å gi dei personretta tilboda avdelinga skal gi innanfor avsette rammer og dei rammefaktorar som kommunen står stilt ovafor.

##### Pleie- og omsorgstenestene, heimebasert

Det er framleis omsorgsbustader med svært tronge dører/dørstokkar og ufunksjonelle bad. Det er mange av dei som bur på omsorgsbustadane som har behov for ulike hjelpemiddel, og sjukesenger må t.d. demonterast for å få dei inn på romma. Det burde vore ei oppgradering av alle leilegheitene på den gamle aldersheimen. Dette med tanke på at vi har eit avgrensa tal sjukeheimsplassar, og dei gamle i kommunen vert fleire og dei lever lenger og treng difor meir hjelp over ein lengre periode.

Ei anna utfordring for verksemda er at vi etter kvart vil få hovudansvar for fleire ressurskrevjande unge brukarar. Allereie til hausten reknar eg med at ein brukar som pr. i dag krev ein til ein pleiar vil flytte i eigen bustad. Og dersom vi skal ha personelldekning til fulldøgntilsyn utløyser det 4,8 årsverk - vel og merke med aktiv nattevakt, litt mindre om ein kan ha kvilande nattevakt.

##### Pleie- og omsorgstenestene, institusjon.

Fornøgde brukarar og pårørande. Bør her bruke kvalitetsundersøkelasne til å måle dette.

Fagleg oppdatert - Internundervisning, hospitering, bruke sjukehuset i Ålesund. Få til ei rullering av hospitering. Pasientane blir sjukare og vi er langt frå sjukehuset difor er det viktig med å halde seg fagleg à jour . For lite sjukeheims plassar har ventelister -- styrke heimetenesta

Behalde fagpersonar / samarbeide. Sette meir pris på medarb. Veldig positivt med julegåve.

Utnytte betre kompetansen til den enkelte kartlegge kva den enkelte kan. Styrke kommunikasjon og samhandling mellom pasientar og behandlar og mellom yrkesgrupper og avdelingar.

Haldningsendring. Generell oppussing av sjukeheimen.

## PBO

### 1 Organisasjon og bemanning

#### 1.1 Om verksemda

Verksemda har som hovudansvar områda plan (reguleringsplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (delings saker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid md grunnerverv er og lagt til avdelinga. I tillegg har verksemda hatt mange oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

#### 1.2 Personalet

	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Årsverk	3	2	2	2

### 2 Driftsrekneskap

Rekneskapet omfattar plan/bygg/oppm, brannvern, feiing, oljevern

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto drift	2 645 756	2 745 400	-99 644	-3,7%

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

#### 3.1 Kommentar til rekneskap

Rekneskapen syner eit mindreforbruk som utgjer om lag 3,7%. Det skuldast i hovudsak meir inntekter enn budsjettert på gebyr delings-/byggesaker. Elles har det stort sett vore balanse på utgiftssida.

#### 3.2 Sakshandsaming (tal for 2003 i parentes)

Talet på plansaker:	54 (52)
Rekvirerte kart- og delingsforretningar:	34 (13)
Fullførte kart- og delingsforretningar:	26 (17)
Utsleppsløyve: søknader	3 (2)
gitt løyve	3 (1)
talet på byggesaker, delegasjon	35 (24)
utval	4 (2)

Kommentar: Talet på saker er uendra på plansaker, og det er ein auke på delings- og byggesaker. Det skuldast mykje meir hyttebygging og innløyising av festetomter. Ein er no meir ajour med fullføring av oppmålingssaker, men ein leid inn hjelp til kartforretningane og oppmålingane i marka no i haust. Ein begynner å kome ajour med utsleppsaker.

### 3.3 Investeringsoppgåver og planoppgåver

Oppgåve	Mål 2004	Resultat (PBO)
Planoppgåver		
Kloster på Syltefjellet	Fremme reguleringsplan	
Veg langs Syltemoa og gangveg langs Rv 63	Fremme reguleringsplan	Plan er vedtatt lagt ut til off.ettersyn
Bustadområde på Nerhus	Fullføre planprosess	Plan er vedtatt
Reg.endring for Smelarsstova (Dalebø)		Plan er vedtatt
Syltemoa, masseuttak og verne-/friområde	Fremme reguleringsplan	
Murigrandane, service og almennyttige føremål	Fortsette planprosess	Under arbeid
Norddal sentrum, vidareføring	Fremme planprosess	
Tettstadsutvikling på Sylte	Fremme planprosess	
Gudbrandsjuvet, turistattraksjonar	Fremme reguleringsplan	Planarbeid er overtatt av vegvesenet
Zakariasdammen, Tafjord, museum og hotell	Fremme reguleringsplan	Plan er lagt ut til off.ettersyn
Reg.plan Fjørå sentrum vest	Privat reguleringsforslag	Plan er lagt ut til off.ettersyn
Reg.endring Lingestranda	Privat reguleringsforslag	Plan er vedtatt
Tekniske oppgåver		
Badeplass Norddal i samarbeid med bygdeutvalet i Norddal	Lage plan, få til grunnavtale, starte anlegg	Plan er laga Klart for grunnforhandlingar og anleggsstart
Sanitærbygg i Eidsdal (byggenemnda)		Bygging var avslutta ved årsskiftet
Nytt UV-anlegg på Omenås i samarbeid med FDV og Myklebust vassverk	Fullføre anlegg	Bygging er i gong
Brannvern		
Røykdykkarutstyr	Innkjøp	Fullført
Nye slangar	Innkjøp	Fullført
Tafjordtunnelen: Mobil tunellvifte Radiokommunikasjon UHF		Fullført

*Kommentar:* Ein hatt som mål å få PBO fri for anleggs- og investeringsoppgåver for å konsentrere meir om planoppgåver. Det begynner å lukkast med det, men det er framleis meir som må gjerast av slik prioritering.

#### *Deltaking i interkommunale grupper*

PBO er med i gruppe som arbeider med samarbeid mellom kommunane på plan, bygg og oppmåling. PBO er med i arbeidsgruppe for fjellskred  
PBO er med i styringsgruppe for arbeidet med verdsarvområdet

#### *Personell*

Personellsituasjonen er stabil. Det er ikkje sjukefråver for 2004.



Vidare for 2005:

Planarbeid er ein prioritert oppgåve

Innføring og bruk av GPS i oppmålinga

Ein vil konsentrere seg om å utvikle forvaltingsoppgåvene.

4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

Den viktigaste utfordringa framover er dei krava som no blir sett til spisskompetanse i kommunesektoren. Det krev samarbeid over kommunegrensene med utveksling av tenester.

## FDV

### 1.0 Organisasjon og bemanning

#### Tenestene

Verksemda FDV- forvaltning drift og vedlikehald har ansvaret for:

Forvaltning, drift og vedlikehald av vassforsyning, avløp, renovasjon, samferdsel, kommunale grøntområder, Tafjord friluftsbad, kommunale utleigebustader og næringsbygg. Drift og vedlikehald av skular, omsorgsbustader, sjukeheimen i Valldal og rådhuset. Forutan nemnde arbeidsområdar har FDV i tillegg ein tenesteytingsavtale med kyrkja på graving (10 % av ei stilling).

#### Personalet

	Årsverk 2000	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Årsverk	11,42	*13,97	11,18	**10,63	***10,1

\* Tala for 2001 inkluderer overføring av alle vaktmeistrane til verksemdene.

\*\* 0,5 stilling dekker arbeid mot rådmannskontoret.

\*\*\* 0,2 stilling dekker arbeid mot rådmannskontoret og 1,6 stilling utgjer adm. og forvaltning i FDV.

### 2.0 Driftsrekneskap

#### Driftsrekneskap for FDV

1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Netto drift	5 371	4 911	- 460	9

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Nokre moment i denne samanheng som er med i vurderinga:

- Rekneskap i forhold til budsjett;

Rekneskapet til FDV for 2004 kom ut med eit underskott på 460 000.

For ansvara Vassverkdrift, Avløp og reinsing og Renovasjon (VAR-området) gjeld sjølvkostprinsippet. Rekneskapet for desse tre ansvara skal gå i null. Evnt. overskot vert sett i bundne driftsfond. Eit overskott på avløp kan altså ikkje vere med på å dekke opp eit underskott på eit anna ansvar i rekneskapen. For 2004 kom vassverkdrifta ut med eit underskot på 48 434 og på grunnlag av dette vert det berre ansvar for avløp og renovasjon som skal haldast utanfor rekneskapet.

I tillegg til VAR-området har FDV 9 ansvar til i rekneskapet. Uførutsette hendingar på ansvara Felles maskinpark, Kommunale vegar og Næringsbygg samt flytting av drifta inn i nye lokaler på Grandane står hovudsakleg for underskotet.

Flytteprosjektet på Grandane : 50 000

Drift og vedlikehald av bilparken: 110 000. Dette er primært reperasjonar grunna gamle biler og litt uhell. Dette kan variere strek frå år til år. Ein ser då bort i frå skader som kan takast på forsikringar.

Brøyting og vedlikehald av brøyteutstyret: 210 000  
 Reinhold av servicebygget på Sylte hamn: 40 000 utover det som var budsjettert på Næringsbygg. Drifta av bygget kom i-gong til Olsok.

- Planlagte oppgåver gjennomført:

Tiltak	Status ved utgangen av året	Ev. avvik/ kvifor ikkje gjennomført/utsett
<b>Investeringsoppgåver</b>		
FDV		
Montering av betalingsautomater og installering av utstyr Servicebygg på Sylte	utført	
Total renovering 2 baderom Kraftverkbygget	Eitt står att	Bebudd
Asfaltering	Utført	
Tafjord friluftsbad – utbetring- og sikringstiltak	Utført	
Arbeidsmiljøtiltak Valldal -Flytting til Hovebygget oppfylling av krav frå arbeidstilsynet -Flytting til Djupøyna	Fullført  Lagt på is	Budsjett manglar
Arbeidsmiljøtiltak Eidsdal -oppgradering av Eidsdalstasjonen etter krav frå arbeidstilsynet	Fullført	
Framføring av vass-, kloakkleidning og veg i Djupøyna	Trase for vass og kloakkleidning er delvis planlagt	
Planlegging miljøstasjon i Djupøyna	Ikkje utført	Utbetring stasjon på Grandane
Leikeplass Eidsdal ferdigstilling	Ikkje prioritert	
Reinseanlegg Myklebust/omenåsåsen	Klart for teknisk montasje	Vert fullført vår 05
Utbetring leidningsnett Sylte	Ikkje utført	Ikkje prioritert grunna kapasitet
Åsevegen	Under arbeid	
<b>Forvaltningsoppgåver</b>		
Skiltplan oppg. jfr. trafikktryggingsplan	Fullført – skal politisk handsamast	
Hovudplan for avløp	Fullført - skal politisk handsamast	
Beredskapsplan for vassforsyning	Fullført	
Valldal vassverk godkjenning	Fullført	Tiltak i godkjenning må på plass i 2005
Internkontroll vassverk	påbegynt	Skal fullførast 2005
Nye renovasjonsforskrifter og endra gebyrregulativ	Under arbeid	Skal fullførast i 2005
Nye vassforskrifter og gebyrregulativ	Under arbeid	Skal fullførst i 2005
Nye avløpsforskrifter og gebyrregulativ	Under arbeid	Skal fullførst i 2005
Slamgebyr	Under arbeid	Skal fullførast i 2005

Plan for vegopprusting	Ikkje påbegynt	
ÅRU-samarbeidet på slam og renovasjon	Fullført	
<b>Større driftsoppgåver</b>		
Ombygging VTS	Fullført	
Ombygging rådhus for kyrkjekontor	Utsett til 2005	
Kartlegging PCB-haldig lysamatur	Fullført	
Flytting Fjørå skule og avd. Syltebøen barnehage	Fullført	
Fullføring arbeid på Legebustad i Vika	Ikkje fullført	Under arbeid
Driftsrutinar Valldal skule	Ikkje fullført	Skal fullførast 2005
Gjennomføring av oppg. Jmf. trafikktryggingsplan	Fullført	
Enøk-prosjektet i samarbeidd med Enova	Under arbeid	
Renovering av vassleidning på Muri	Fullført	Ekstraordinært tiltak på drifta

- Arbeidsmiljø, sjukefråvær; situasjon og ev. tiltak

FDV har fått eige verneombod. FDV har fått på plass godkjende lokaler etter krav frå arbeidstilsynet både i Valldal og ved Kleivafabrikken i Eidsdal. Individuelle samtaler ved behov frå leiar eller den tilsette er blitt gjennomført gjennom heile året.

- Personellsituasjonen(rekruttering, kompetanse)

Dei tilsette i FDV har ynskje om meir oppdatering av kunnskapar, men både budsjett og arbeidstilhøva gjer at dette ikkje let seg gjere så raskt som ynskjeleg. For 2004 vart det sett av tid til dagskurs i energi oppfyljing i bygg og kurs om mva.komp. samt seminar og samlingar innan VAR.

- Nye tiltak iverksett, under vurdering, anna utviklingsarbeid (døme: teneste, kvalitet, informasjon/brukardialog, tilsette mv).

Kompetanseheving innan området ”rasjonalisering av drifta med energistyring av bygg”.

#### 4.0 Hovudutfordringar framover (1-3 år)

FDV skal dekke eit breitt fagleg spekter. Med stadig færre tilsette å fordele arbeidsoppgåvene må fokuset på mest mulig rasjonell drift gjennom god organisering, rette tiltak, reiskap og rutinar halde fram fortløpande. Gruppa har for 2004 knyta til seg enno meir spisskompetansen som vi drar god nytte av. Målet framover er å få ned talet på driftstimar og overføre sparte timar frå drift til vedlikehaldet. Etterslepet på vedlikehaldet på både bygg, vegar og andre kommunale tekniske installasjonar har i alt for mange år blitt nedprioritert og dette vert kostbart for kommunen.

## NÆRING

### 1.0 Organisasjon/bemanning

	Årsverk 2000	Årsverk 2001	Årsverk 2002	Årsverk 2003	Årsverk 2004
Næringsjef og næringskonsulent (kontor- sekretær 0,5 til servicetorget frå 2002)	2,5	2,5	2	2	1,5
Skogbrukssjef 25%	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25
Fagkonsulent skog	0,2	0	0	0	0
Sakshandsamar viltsaker	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1
Landbruksvikarar + skogkultur	2,33	2,33	1	1	0,5
Kommuneveterinær	1	1	1	1	1
Sum	6,38	6,18	4,35	4,35	3,35

#### *Arbeidsfelt:*

Næringsavdelinga forvaltar den statlege og kommunale næringspolitikken. Ein skal leggje til rette for og arbeide med næringsutvikling i vid tyding, og vere eit kompetanse- og rådgivingsorgan for alle næringar. Avdelinga har fokus på å vere lett tilgjengeleg, å ha/kunne formidle god kompetanse, og å sikre kundane tenester av høg kvalitet.

Viltforvaltning, og ulike oppgåver innan arealforvaltning, miljø og kulturlandskap ligg òg til avdelinga.

### 2.0 Driftsrekneskap

<i>Ansvar</i>		Rekneskap	Budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
6100	Næringsadministrasjon	640 959	675 800	- 34 841	- 5
6101	Landbruksvikarar	151 593	271 400	- 119 807	- 44
6102	Veterinær	254 371	264 700	- 10 329	- 4
6103	Skogkultur	- 6 027	0	- 6 027	
6201	Jakt og viltstell	37 529	41 200	- 3 671	- 9
	Summert drifta	1 078 425	1 253 100	- 174 675	- 14
6110	Næringsfondet	0	0	0	0
6111	Næringslivstiltak	0	0	0	0
6112	Næringshage	0	170 000	- 170 000	
6210	Forvaltningsplan Reinheimen	0	0	0	0
6220	Skredovervaking i Tafjordområdet	0	0	0	0
6201	Forvalt.plan Geiranger - Herdalen	0	0	0	0

#### *Kommentar (rekneskap i høve til budsjett):*

Dei to ansvara under næringsfondet (14810 og 14820) skal ikkje belaste driftsbudsjettet; både budsjett og rekneskap her går kvart år i null, når alt er rett ført. *14720 - landbruksvikar:* Her er innsparingar p.g.a. permisjon/stillingsreduksjon.

### 3.0 Måloppnåing og resultatvurdering for 2004

Prøvedrift med turistferje Valldal-Geiranger heldt fram i 2004, etter oppstarten i 2003. Tal reisande gjekk vesentleg opp, men MRF såg likevel ikkje resultatet som så godt at vidare prøvedrift i 2005 vart vurdert som *opplagt* (i skrivande stund er det avklara at det vert drift ògså i 2005). Turistinformatjonen og gatekjøkkenet flytta inn i sørvisbygget på hamna i Valldal til sesongen.

2004 var fyrste året med kommunal forvaltning av SMIL-/skogbruksmidlar frå fylket. Med kr 600 000 tildelt, var Norddal på topp i fylket når det gjeld SMIL-midlar.

Ny tomtfestelov vart vedteken i 2004, og slår – slik ein ser det – beina under satsing på bortfeste av hyttetomter som viktig næringsgrunnlag i landbruket. Kommunestyret vedtok i november at kommunen ikkje lenger skal nytte § 12 i jordlova til å sikre at hyttetomter på gardsbruk skal vere festetomter.

Det har i seinare tid vore ei positiv haldningsendring hjå grunneigarar/jegerar kva gjeld organisering av hjorteforvaltinga. Det kom ikkje til fleire vald med bestandsplan i 2004, men utifrå aktivitet som er på gang, er det grunn til å tru at 2005 vil verte eit vendeår på dette feltet. Hjorteviltregisteret er nytt for året; det er DN som er ansvarleg for dette systemet, som kommunen får tilgang til på internett.

*Om skogbruk:* Det har vore utført nyplanting av skog på 42 daa. Hogst av industrivirke av gran og furu var på 799 m<sup>3</sup>. I tillegg kjem hogst av virke til vedproduksjon. To større veganlegg har vore under bygging dette året. Det har vore fleire møte i styringsgruppa for skogbruksplanlegging i Norddal kommune.

At ein i ei årsmelding ikkje kjem inn på alle næringane/mangfaldet av bedrifter som vi har i kommunen, tyder ikkje at ein ikkje er klar over og set pris på den store, daglege innsatsen som vert lagt ned i alle verksemdene som vi har i levande live i kommunen vår – innan ulike næringar frå primær til tertiær. Å halde oppe, utvikle og jamvel auke desse arbeidsplassane kjem ikkje av seg sjølv; det ligg jamn og stor innsats bak, på eit fagleg høgt nivå. Det er lett å gløyme å setje pris på denne ”grunnmuren”, midt i negative meldingar om nedlegging av-mangel på arbeidsplassar; innsatsen som vert lagt ned kring på verksemdene, er imponerende.

#### 4. Nokre utfordringar framover (1-3 år)

Etter dei fleste solemerke får fjordlandskapet Geiranger-Herdalen – saman med område i Sognefjorden – verdsarvstatus i 2005. For reiselivssatsinga i området vil slik status kunne vere umåteleg viktig; så stort at ein kan ha vanskeleg for å fatte rekkevidda ....

Det blir då avgjerande viktig å vere seg medviten på kva grunnlag området har fått slik status, og dei ”plikter” statusen inneber for alle kvar på sin stad til å stelle området fint, og ta vare på miljøverdiane. Store område er utlagt til byggjeområde for hytter. Uavhengig av om tomtene vert selde eller festa bort, er det viktig at den som legg ut feltet, unngår fallgruver, og får mest mogleg ut av satsinga. Hytteforumet bør spele ei viktig rolle med innhenting/spreiing av kunnskap, og det er viktig at forumet får god oppslutnad frå dei som er i gang med/planlegg/vurderer hyttefelt. I Norddal ligg det godt til rette for næringsutvikling med utgangspunkt i kombinasjonen helse/natur/kultur, og dette er eit satsingsområde, der ein allereie er i gang, med Muritunet som sentral medspelar/drivkraft. Eit livskraftig landbruk og levande kulturlandskap er avgjerande for m.a. slik satsing.

Ein landbruksplan skal på plass i 2005. Fleire utfordringar som kan nemnast – m.a. innan tradisjonelt landbruk – vil vere dei same år etter år, og med det ei oppattaking.

